

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

I Innkalling til møte i kontrollutval - Solund kommune

Utval: **Kontrollutval - Solund kommune**
Møtedato: **24.05.2012**
Møtetid: **11.00**
Stad: **Møterommet i Bankbygget.**
Møtenr.: **2/2012**
Innkalling: **Faste medlemmer i utvalet, Rådmann i sak (11 - 12/12), Revisor i sak 11/12**
Melding til: **Ordførar(møterett), revisor(møterett) og varamedlemer.**
(Varamedlemer møter etter nærare innkalling).


Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- Sak 09/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Sak 10/12 Skriv og meldingar.
- Sak 11/12 Årsrekneskapen 2011 – Solund kommune.
- Sak 12/12 Orientering – Eigarskap i selskap - Eigarskapsstrategi.
- Sak 13/12 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.
- Sak 14/12 Vurdering av habilitet i saker gjeldande utbygging av vindkraft i Solund.
- Sak 15/12 Oppfølgingsliste 2-2012 Solund.
- Sak 16/12 Eventuelt.

Hardbakke 16.05.2012

Rune Steinsund (s)
Leiar



Vidar Øvrebø

SEKOM - sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

009/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.05.2012	009/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

010/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.05.2012	010/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 07-12: Kontrollrapport 2011 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Solund kommune.
- SM 08-12: Brev frå KRYSS-revisjon til Solund kommune kontrollutvalet – «Engasjementsbrev – Solund kommune».
- SM 09-12: Brev frå KRYSS-revisjon til Solund kommune – «Rådmann sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, M.V., datert 6. januar 2012.
- SM 10-12: Vedtak i kommunestyre 003/12 Årsmelding 2011 kontrollutvalet.
- SM 11-12: Brev frå KRYSS-revisjon til Solund kommune – Tinging frå kontrollutvalet i Solund; - Overordna analyse – Solund kommune 2012.
- SM 12-12: Årsmelding for 2011 – Skatteoppkrevjaren i Solund kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø
Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 07/12



Skatteetaten

Saksbehandlar
Stian Aardal

Dykkar dato

Vår dato
20.02.2012

Direkte tlf
55578465

Dykkar referanse

Vår referanse
2011/122002

Kommunestyret i Solund Kommune
Postboks 73
6921 HARDBAKKE

Kontrollrapport 2011 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Solund kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen verkar tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Njøsavegen 2

6863 Leikanger
skattvest@skatteetaten.no

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000

Org. nr.: 991733108

Sentralbord
800 80 000

Telefaks
51 91 73 01

2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 30. juni 2011 for skatteoppkrevjarkontoret i Solund kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK:	Innbetalt av sum krav (i %):	Resultat- krav (i %):	Innbetalt av sum krav (i %) førre år:	Innbetalt av sum krav (i %) regionen:
Restskatt personlege skattytarar 2009:	1,98	98,2	97,5	97,4	92,2
Arbeidsgjevaravgift 2010:	9,21	99,9	100,0	100,0	99,8
Forskotskatt personlege skattytarar 2010:	4,65	100,0	99,9	100,0	97,8
Forskotttrekk 2010:	31,80	99,9	100	100,0	99,9

2.2 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjar i Solund kommune har felles regnskapskontrollør saman med dei fire andre kommunane i HAFS.

Resultatet for kommunen per 31. desember 2011 viser følgjande¹:

Tal arbeids- gjevarar:	Minste krav 5%:	Tal utførte kontrollar 2011:	Utført kontroll 2011 (i %):	Utført kontroll 2010 (i %):	Utført kontroll 2009 (i %):	Utført kontroll 2011 region (i %):
74	4	2	2,7 %	1,4 %	1,4 %	3,8 %

2.3 Bemanning

Tal på årsverk (total) frå skatteoppkrevjar sin årsrapport for dei tre siste åra:

Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010	Tal årsverk 2009
1	1	1

¹ For 2011 er rapporteringa endra frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning, der det er aktuelt.

3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2011 i gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Rekneskapen for Solund kommune viser per 31. desember 2011 ein skatte- og avgiftsinngang² til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 71 283 960 og uteståande restansar³ på kr 643 542, av dette krav stilla på vent kr 195 290. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 17. januar 2012.

4. Resultat av utført kontroll

Basert på utført kontroll meiner skattekontoret følgjande:

- ***Intern kontroll***

Skattekontoret sine kontrollhandlingar har ikkje avdekka vesentleg veikskap i skatteoppkrevjar sin overordna intern kontroll.

- ***Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskap***

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- ***Skatte- og avgiftsinnkrevjinga***

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

² Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

³ Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav


- **Arbeidsgjevarkontrollen**

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og retningsliner, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det berre er utført 2,7 % kontrollar mot et krav på 5 %.

5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlinger i 2011 ikkje gjeve skatteoppkrevjaren i Solund pålegg eller tilrådingar.

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt Vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet i Solund kommune
- Skatteoppkrevjaren i Solund kommune
- Riksrevisjonen

Kopi til: Rådmannen
Ordføreren

Solund kommune
Kontrollutvalet
v/ kontrollutvalssekretariatet SEKOM-Sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Samarbeidsavtale/Vedtekter	216	06 / 2012	9. februar 2012
	F://engasjementsbrev/tf12			

ENGASJEMENTSBREV – SOLUND KOMMUNE

1. Innledning

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord; forkorta til **KRYSS Revisjon** er - i samsvar med *Kommunelova* Kap. 12 - revisor for Dykkar kommune. Revisjonssamarbeidet vart etablert hausten 2004, med verknad frå 01.01.2005, der kommunane vedtok eigen samarbeidsavtale og egne vedtekter for det interkommunale revisjonssamarbeidet for 11 kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn. KRYSS Revisjon vert styrt av eit *Arbeidsutval* og ein representantskap, nemnd som *Samstyret*. Kvar av eigarkommunane har 1 politisk vald representant og vararepresentant i Samstyret, der kvar har 1 stemme. Arbeidsutvalet består av 5 medlemmar og 3 varamedlemmer. Kommunane som er med i revisjonssamarbeidet er Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund.

Revisjonen består av forvaltningsrevisjon og regnskapsrevisjon, og omfatter revisjonen av kommunerekneskapen (og tilhøyrande rekneskap for kommunale føretak). Med utgangspunkt i dei revisjonsbestemmelsane som gjeld for kommunar og fylkeskommunar, heri standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet prøve å beskrive vår forståing av revisjonsoppdraget, slik at Kontrollutvalet får ei oppfatning av rollefordelinga og kva som kan forventast av oss.

Dei økonomiske forholda mellom revisjonen og kommunestyret/kontrollutvalet som oppdragsgjevar er handsama i ein eigen samarbeidsavtale mellom dei 11 deltakar-/ eigarkommunane, og elles i samsvar med revisjonssamarbeidet sine vedtekter.

2. Revisjonen – føremål og innhald

Lov om kommuner og fylkeskommunar (*Kommunelova*) har blandt anna følgjande bestemmelsar om revisjonen i § 78, der det heiter :

1. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal verksemd skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.

2. Revisjonsarbeidet skal omfatte rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er ein rettsleg standard. Innhaldet i dette begrepet er normert av kommunelova sine bestemmelsar om revisjon, tilhøyrande forskrifter, og etablerte og anerkjende revisjonsstandarder på området. Som medlem av *Norges Kommunerevisorforbund* (NKRF) er vi underlagt jamnlege eksterne kvalitetskontrollar.

Revisor har plikt til løpande å føreta ei vurdering av eigen uavhengigheit. Oppdragsansvarleg revisor skal kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet. Desse dokumenta får si handsaming i Kontrollutvalet med rapportering til Kommunestyret.

Kommuneleiinga sitt ansvar

I henhold til kommunelova er det kommunen sin administrasjonssjef (rådmannen) som er ansvarleg for at kommunen sin interne, administrative kontroll og økonomiforvaltninga er ordna på ein betryggande måte, og at forvaltninga elles er gjenstand for betryggande kontroll. Det er også administrasjonssjefen sitt ansvar å utarbeide og å legge fram kommunen si årsmelding/årsrapport, og å avlegge årsrekneskapen i samsvar med bestemmelsane i kommunelova, forskrift om årsrekneskap og årsberetning i kommuner og fylkeskommuner, bokføringslova og god kommunal rekneskapsskikk.

Kommunen si leiing har også ansvaret for at vi som kommunen sin revisor har ubegrensa tilgang til registrerte opplysningar, dokumentasjon og annan informasjon som vi finn nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontraktar, protokollar, m.v. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelsar, manualar til programvare og støtteprogram, og nødvendig veiledning.

Kommunestyret og kontrollutvalet sitt ansvar

Kommunestyret er kommunen sitt øverste myndighetsorgan, og har det øverste tilsyn med heile den kommunale forvaltninga. Kommunestyret velger sjølv eit kontrollutval til å førestå det løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på sine vegner. Kontrollutvalet skal påsjå at kommunen og forvaltninga blir forsvarleg revidert. Det er kun Kommunestyret og/eller Kontrollutvalet som kan bestille forvaltningsrevisjonar basert på ein overordna risiko- og vesentlegheitsanalyse.

2.1 Forvaltningsrevisjon

I henhold til forskrift om revisjon, § 7, inneber forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader. Herunder om

- a) forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarer med Kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader,
- b) forvaltninga sin ressursbruk og verkemidlar er effektive i forhold til måla som er sett på området,
- c) regelverket etterlevast,
- d) forvaltninga sine styringsverktøy og verkemidlar er hensiktsmessige,
- e) beslutningsgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarer med offentlege utgreiingskrav,
- f) resultatene i tenesteproduksjonen er i tråd med Kommunestyret sine føresetnader, og/eller om resultatene og målsetningane for verksemda er nådd.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjende standarder på området, og det skal etablerast ulike revisjonskriteriar for det einskilde forvaltningsrevisjonsprosjekt. Rådmannen blir alltid

innvolvvert i eitkvart forvaltningsrevisjonsprosjekt; bl.a. gjennom eit oppstartsmøte og dialog og kommunikasjon under vegg i prosjektet si gjennomføringsfase. Rådmannen får alltid uttale seg til førebels rapport, før endeleg rapport blir oversendt Kontrollutvalet.

Innafor forvaltningsrevisjon av kommunar er det NKRF som er det standardsettande organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den einskilde forvaltningsrevisjon vil vere beskrive ved rapporteringa av den einskilde revisjon, slik at denne oppgåva ikkje blir beskrive ytterlegare i dette brevet. Sjå for øvrig nærmare om rapportering under eige avsnitt nedanfor.

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor i KRYSS Revisjon er Charles Litsheim, med stillingsnemning Revisjonssjef forvaltning. Til dagleg er han stasjonert ved vårt hovudkontor i Førde.

2.2 Rekneskapsrevisjon

Når det gjelder rekneskapsrevisjon vil grunnlaget for vårt arbeid i mindre grad vere omtala ved avrapportering, slik at vi her bruker litt meir plass på å beskrive vårt arbeid og grunnlaget for dette.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor for alle deltakarkommunane er Terje Førde. Han er dagleg leiar og revisjonssjef i KRYSS Revisjon. Han er mykje på reiser/besøk i kommunane og kommunane imellom, men mest å treffe på regionskontoret i Flora og hovudkontoret i Førde, og som regel alltid å treffe på mobiltelefon.

Årsrekneskapsrapporten og dei aktuelle delane av årsmeldinga (årsrapporten/årsberetninga)

I rekneskapsrevisjonen er vår hovudoppgåve som revisor for kommunen å vurdere og å avgje ei uavhengig uttale (revisjonsberetning) om korvidt årsrekneskapsrapporten er avlagt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapsrapporten er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa stemmer med regulerte budsjettbeløp.

Vi kontrollerer også om opplysningar i årsmeldinga om årsrekneskapsrapporten er konsistente med årsrekneskapsrapporten. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktige si leiding har oppfylt sin plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.

Vidare er det vår oppgåve å vurdere om kommunen har ordna den økonomiske internkontrollen på en betryggande måte og med forsvarleg kontroll.

Årsrekneskapsrapporten skal iht. forskriftene sin ordlyd vere avlagt av administrasjonssjefen (rådmannen) innan 15. februar i året etter rekneskapsåret. Årsmeldinga skal avleggast utan ugrunna opphold, og seinast innan 31. mars. Administrasjonssjefen (rådmannen) sitt ansvar omfattar også ansvaret for at registrering, dokumentasjon og oppbevaring av rekneskapsopplysningar er innretta på ein forsvarleg, ordentleg og oversiktleg måte.

Revisjonen si utføring/gjennomføring og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk inneber blandt anna at vi kontrollerer utvalde delar av materialet som underbyggjer informasjonen i årsrekneskapsrapporten, føretekt analytiske vurderingar og andre revisjonshandlingar som vi etter forholdene finn nødvendige og hensiktsmessige.

På grunn av revisjonen sine ibuande begrensningar, saman med den interne kontrollen sine ibuande begrensningar, vil det alltid vere risiko for at ikkje all vesentleg feilinformasjon i rekneskapsrapporten blir avdekka; - sjølv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, heri dei *internasjonale revisjonsstandardene* (ISA-ene). Ved vår risiko-

vurdering vurderer vi dei interne kontrollane som er relevante for kommunen eller einingane si utarbeiding av årsrekneskapen med det føremål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige ut frå omstendigheitene, men ikkje for å gje uttrykk for effektiviteten av eininga sin interne kontroll. Slike revisjonar eller spesifikke gjennomgangar vil eventuelt kunne avtalast nærmare.

Generelt vil ein effektiv intern kontroll (kommunen sitt eige fokus på eigenkontroll) redusere risikoen for at mislegheiter og/eller feil og manglar vil kunne oppstå utan å bli avdekka, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen heilt. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil for ein stor del vere avhengig av kvaliteten på, og effektiviteten av, kommunen sin interne kontroll, samt rekneskaps-, økonomi- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftleg om eventuelle vesentlege manglar i den interne kontrollen som er relevante for revisjonen av årsrekneskapen, og som vi har identifisert under revisjonsarbeidet. Sjå nærmare om dette under avsnittet *rapportering*, nedanfor.

Registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i revisjonsberetninga, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon». Denne standarden stiller krav om at vi etterlever etiske krav, planlegg og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå betryggande sikkerheit for at det ikkje er vesentlege formelle manglar knytta til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar. Slike vurderingar inneber gjennomføring av kontrollhandlingar for å innhente bevis om desse forholda. Dei valde kontrollhandlingane vil vere avhengig av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for vesentlege manglar.

Ved vurderinga av leiinga sine plikter med omsyn til registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, innhentar revisor informasjon om kommunen sine interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokføringsskikk, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.

Revisjonsnotat, revisjonsmerknader, brev og rapportar

Rekneskapsmessige feil og manglar som vi finn det nødvendig å påpeike, vil vi rapportere skriftleg om i egne revisjonsnotat eller revisjonsmerknader/brev. Desse vert stila til rette vedkomande innafor tenesteområdet/eininga, med gjenpart/kopi til administrasjonssjefen/rådmannen. Mindre forhold, førespurnader og påpeikingar, i f.eks. bilagskontrollen og forvaltninga elles prøver, vi å få løyst/retta moglege manglar på lavast mogleg nivå; der vi kommuniserer dette via e-post, telefon, samtaler, møter, osv.

Andre uttaler og kontrollhandlingar

Vår revisjon vil også omfatte dei kontrollhandlingar som er nødvendige for å attestere følgjeskriv til lønns- og trekkoppgåvene og dei terminvise krava etter den kommunale ordninga for momskompensasjon. Vi utfører også kontroll av tilskotsordningar som er gjeve for å finansiere særskilde oppgåver (særattestasjonar), der det er krav eller ønskje om revisor sin særattestasjon. Våre kontrollar blir då utført i tråd med oppdragsgjevar sine anvisningar og aktuell standard for attestasjonsoppdraget. Formalia kring dette går som regel fram av særskilde rundskriv som omtalar tilskotsordningane og tilhøyrande rapporteringskrav for middelbruken.

3. Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan krevje eikvar opplysning, utgreiing/redegjørelse eller eitkvart dokument hos kommunen og føreta dei undersøkingar som revisor finn nødvendige for å gjennomføre revisjonsoppgåvene.

Både oppdragsansvarleg revisor og revisjonsmedarbeidarane har – med visse lovheimla unntak - teieplikt om alt dei får kjennskap til under utføringa av revisjonsarbeidet. Dette følgjer av kommunelova, § 78, nr 7. Revisor si teieplikt gjelder uavgrensa i tid; også etter at oppdraget er avslutta.

Revisor si teieplikt er likevel ikkje til hinder for at kontrollutvalet eller kommunestyret får den informasjon om resultatene av revisjonen som er nødvendige.

4. Rapportering, kommunikasjon og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget blir vanlegvis utarbeidd for kvar valperiode eller oftare dersom det er forhold som tilseier dette. I tillegg blir det utarbeidd *oppstartsbrev* i samband med oppstart av det *einskilde forvaltningsrevisjonsprosjekt*, og *årlege brev* i samband med årsoppgjersrevisjonen kring *årsrekneskapen*. Dette blir oversendt administrasjonen. Vi legg opp til ein forholdsvis tett dialog med administrasjonen i årsoppgjeret, der vi gjerne også inviterer til eit oppsummeringsmøte før endeleg revisjonsberetning blir utforma; dersom vi finn dette hensiktsmessig eller nødvendig.

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir utarbeidd ein *overordna analyse* som grunnlag for ein *plan for forvaltningsrevisjon*, og kome med innstilling overfor kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek planen. Forvaltningsrevisjonar rapporterer vi til kontrollutvalet i form av eigne rapportar, som har nemninga *forvaltningsrevisjonsrapport*. Det førekjem også at vi under det løpande revisjonsarbeidet kring finansiell revisjon (rekneskapsrevisjon) kjem over saker og funn som er av ein slik karakter at vi velger å oppsummere dette i mindre revisjonsrapportar. I slike saker følgjer vi gjerne *ikkje* dei standardkrav og kriteriekrav som er stilt i den ordnære revisjonsstandard for forvaltningsrevisjon. Slike rapportar vil ha nemninga *revisjonsrapport*.

Rekneskapsrevisjonen sitt innhald avhenger av revisjonsstandarder, intern kontroll og revisor sitt skjønn. Kontrollutvalet si oppgåve her er å påsjå at kommunen har ei tilstrekkeleg og tilfredsstillande revisjonsordning. For å sikre at kontrollutvalet får den informasjon om rekneskapsrevisjonen som utvalet føler behov for, vil det i tillegg til revisjonsberetninga blir gjort greie for status i det løpande revisjonsarbeidet i møter gjennom året. Vi ser det også som naturleg at kontrollutvalet blir orientert om revisjonsstrategien og den praktiske revisjonsmetodikken, tidleg i revisjonsåret. Omfang, form og innhald på dette blir avtalt nærmare med kontrollutvalet direkte etter dialog og kommunikasjon i møter.

Revisor har møteplikt når ein vert innkalla. Forøvrig har revisor møterett i kontrollutvalet, formannskapet og kommunestyret. Revisor kan også møte i andre utval dersom revisor finn det nødvendig.

Irregulære forhold og mislegheiter

I hht revisjonstendaradene er revisor pålagd å innhente administrasjonen sine eigenvurderingar kring risikoen for misleghald i kommunen. Det skal innhentast ein årleg uttale på dette.

Iht til forkriftene § 3 skal revisor gjennom sitt revisjonsarbeid bidra til å førebygge og av-dekke irregulære forhold, misligheter og feil. Dersom det blir konstatert irregulære forhold eller mislegheiter ved revisjon av forvaltninga, eller på annan måte, skal revisor straks sende førebels rapport/innberetning til kontrollutvalet.

Når saksforholdet er nærmare klarlagt, skal revisor sende endeleg rapport/innberetning til kontrollutvalet. Revisor skal sende kopi av rapporten/innberetninga til administrasjonssjefen (rådmannen).

Nummererte brev

Vi kan gjennom arbeidet med rekneskapsrevisjonen finne forhold som ikkje blir påpeika i revisjonsberetninga, men som vi finn det nødvendig å påpeike i *nummerert brev*. Dette kan vere einskildsaker av meir alvorleg karakter. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen/rådmannen. Kontrollutvalet har eit ansvar for å påsjå at forhold som er påpeika av revisor blir følgt opp.

I henhold til revisjonsforskrifta § 4, 2 skal revisor påpeike følgjande forhold i *nummererte brev*:

1. Manglar ved plikta til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar.
2. Feil og manglar ved organiseringa av den økonomiske internkontrollen.
3. Mislegheiter.
4. Feil som kan medføre feilinformasjon i årsrekneskapen.
5. Manglande utgreiing/redegjørelse for vesentlege avvik mellom beløpa i den revisjonspliktige sitt årsrekneskap og regulert budsjett slik det fremstår etter gyldige vedtak/endingar fatta på riktig beslutningsnivå.
6. Begrunnelse for manglande underskrift ved bekreftelsar overfor offentlege myndigheiter som blir gjeve i medhold av lov eller forskrift.
7. Begrunnelse for å seie ifrå seg oppdrag etter § 16.

Brev med påpeiking av mindre vesentlege feil eller manglar vil bli sendt direkte til administrasjonen. I kva grad kommunen sitt kontrollutval skal ha kopi av slike brev, blir avtala særskild med kontrollutvalet. Av omsyn til kontrollutvalet si heilheitlege oversikt vil dette etter revisjonen si oppfatning vere ein naturleg del av den løpande dialogen og kommunikasjonen mellom revisor og kommunen sitt kontrollutval.

Uttaler frå kommunen si leiing

I samband med årsavslutninga vil vi i samsvar med god kommunal revisjonsskikk innhente ei skriftleg uttale frå leiinga om fullstendigheita og riktigheita av dei opplysningar som blir gjeve i årsrekneskapen. På same måte er vi pålagt å innhente skriftlege uttale frå leiinga om rådmannen sin kjennskap til eller mistanke om mislegheiter, mv., i kommuneorganisasjonen. Desse uttaler vil bli innhenta av oss frå administrasjonen, og kontrollutvalet blir orientert om vårt brev og svarbrevet som revisor mottok frå administrasjonen (rådmannen).

5. Andre tenester

Vår organisasjon har medarbeidarar med betydeleg kompetanse og praksis innafor mange fagområder. Dette gjer oss i stand til å yte kompetent veiledning til Dykkar kommune, og som medlem av NKRF kan vi også trekke på kompetansen i eit stort fagmiljø. Vi bistår gjerne med veiledning innafor intern kontroll, meirverdiavgift, rekneskapsføring, budsjett, lov og forskrifter, osv.; - så langt det let seg gjere innafor våre oppgåver som kommunen sin revisor.


Vi stiller gjerne opp med fagdagar og dagsseminar innafor ulike tema, der vi har gode erfaringar med foredrag i einskildkommunen, eller å samle alle våre eigarkommunar på felles dagskurs, etc. Vi er non-profit-basert og budsjettkopla, så alle slike vil vere til sjølvkost. Pga. vår organisering er alle våre tenester overfor eigarkommunane og deira verksemdar avgiftsfrie.

Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalet si forståing av revisor sine roller og ansvarsområde, og vi ser fram til eit fortsatt godt og konstruktivt samarbeid kring våre revisjons- og rådgjevingstenester til beste for kommunen. Dersom noko er uklart eller utvalet har spørsmålsstillingar, håper vi De tek kontakt.

Førde den 9. februar 2012

Med helsing


Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
 Postboks 487, 6801 Førde



Terje Førde
 Dagleg leiar/Revisjonssjef
 Oppdragsansvarleg revisor finansiell revisjon



KRYSS REVISJON
 KOMMUNEREVISJONEN I
 YTRE SOGN OG SUNNFJORD



Charles Litsheim

Revisjonssjef forvaltning
 Oppdragsansvarleg revisor

Solund kommune
 v/Rådmannen
 Postboks 73
 6921 HARDBAKKE

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	\\misleghaldtilsyn12/12	216	02 / 2012	6. januar 2012

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter, kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skrifleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skrifleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Solund Kommunestyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast mislegheiter som kan knytast til *realasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:
 - *kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
 - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og*
 - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2012.

Florø/Hyllestad, den 9. januar 2012

Med helsing

Kommunerevisjonen
Ytre Bogn og Sunnfjord
Postboks 487, 5801 Førde

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef
(sign.)

Aud Marit Nyland Eide
Kommunerevisor I

Kopi: Kontrollutvalet
Ordføraren



Kryss revisjon
Hafstadvegen 21

6800 FØRDE

130212
09/2012
216
1412 Solund
9.17.

Arkivsaknr.:
06/597

Journalnr.:
12/332

Arkivkode:
K1-216


Dato:
26.01.2012


RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIOKO FOR MISLEGHOLD, M.V.

Administrasjonssjefen i Solund kommune har følgjande merknadar:

- Eiga vurdering av risikoen for at kommunen sin rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald:
Administrasjonssjefen er trygg på at rekneskapen ikkje inneheld feilinformasjon som skuldast misleghald. Kommunen er liten og "gjennomsiktig", vesentlege feil vil difor bli oppdaga. Samt at personalsituasjonen har i det siste året vore stabil.
- Prosessar som administrasjonssjefen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald:
Administrasjonssjefen har gjennom økonomireglementet til Solund kommune lagt fram rutinar for kjøp av varer og tenester samt rutinar for fakturering, refusjonskrav og innbetalingar. Når det gjeld kjøp av varer og tenester ligg det fullmakter for kven som kan gjere dette samt reglar for tilvisning og attesting. Her er det to personar som skal skrive under, så er det tredje person som fører rekninga og fjerde person som remitterer.
- Kommunikasjon med kommunestyre:
Administrasjonssjefen har kommunikasjon med kommunestyre kring desse prosessane gjennom økonomireglementet som kommunestyret sjølv vedtar. Økonomireglementet skal rullerast kvart fjerde år, eller fortløpande dersom det er noko vesenlege endringar som må gjerast.
- Kommunikasjon med tilsette:
Administrasjonssjefen har jamlege møte med einingsleiarar/ stabsleiarar, der det er rom for å diskutere ulike problem. Det blir laga kvartalsrapporter der kvar einingsleiar må gå gjennom rekneskap/ budsjett, og kommentere eventuelle avvik. I desse rapportane blir det fort avdekka evt. misleghald.

- Per dags dato har ikkje administrasjonssjefen i Solund kommune kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påstått misleghald i kommunen.

Med helsing

Erik Askeland
Administrasjonssjef


Irene Sanden
Økonomisjef



SM 10-12

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
KOMMUNESTYRE	003/12	14.02.2012	IRESAN
Avgjerd av: Solund kommunestyre		Arkiv: K1-033, K3- &14 Objekt:	Arkivsaknr 12/45

ÅRSMELDING 2011 KONTROLLUTVALET

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Solund kommune vert godkjent.

14.02.2012 KOMMUNESTYRE

Votering:

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM-003/12 VEDTAK:

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Solund kommune vert godkjent.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	19.01.2012	SEKOM-sekreteriat	KONTROLLUTVALET SI SAK 004/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	19.01.2012	SEKOM-sekreteriat	KONTROLLUTVALET SI SAK 004/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:**KVA SAKA GJELD:**

Årsmelding 2011 Kontrollutvalet

SAKSUTGREIING:

Sjå vedlegg i saka.

VURDERING:**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Solund kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Solund kommune vert godkjent.

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:

SEKOM sekretariat, postboks 338, 6802 FØRDE



Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Solund kommune
Rådmannen
6924 HARDBAKKE

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Overordna analyse 2012/tf	216	05 / 2012	7. februar 2012

TINGING FRÅ KONTROLLUTVALET I SOLUND; - OVERORDNA ANALYSE – SOLUND KOMMUNE 2012

Kontrollutvalet har gjort vedtak om å få utarbeidd ei oppdatert 'overordna analyse' over Solund kommune, som skal brukast som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon. Dette oppdraget er lagt til kommunerevisjonen å utføre, med ferdigstilling våren 2012.

Vi legg til grunn det analysedokument som vart utarbeidd av oss i 2008; som var ei rullering av den først etablerte *overordna analyse* av Solund kommune i 2005.

Det er ingen fasit på korleis eit slikt dokument skal sjå ut, og heller ikkje nokon forskriftskrav kring kva form, innhald og omfang eit slikt dokument skal ha. Det er likevel slik at dokumentet skal ha i seg risiko- og vesentlegheitsvurderingar og/eller ei resultat- og sårbarheitsanalyse av kommuneforvaltninga. Den overordna analysa skal hjelpe kommunen sitt kontrollutval til å identifisere behov for forvaltningsrevisjon på ulike områder, sektorar eller tenesteområder, der det er fare for feil eller manglar, avvik eller svakheiter i forvaltninga i høve lover, forskrifter, interne styringsdokument, etterlevinga av kommunestyret sine vedtak, intensjonar og føresetnader.

Vi har overfor kontrollutvalet gjort kjent at vi ønskjer rådmannen sin medverknad til framskaffing av nødvendig dokumentasjon for vårt arbeid, samt innspel på konkrete saksfelt/-områder som kan vere av ein viss nytteverdi for kommunen å sjå nærmare på.

I analysedokumentet ser vi det som naturleg at vi seier noko om både den administrative og den politiske organisering av kommunen. Vi treng derfor

- ↳ eit oppdatert organisasjonskart for den administrative strukturen
- ↳ ei oversikt over dei politiske styrings-/beslutningsorgana

Vi tør også be om at rådmannen lister opp dei mest sentrale styringsdokumenta (eksempelvis delegasjonsreglement, økonomi-/finasreglement, innkjøp, m.v.), og korleis oppgåve- og ansvarsfordelingane er i kommuneforvaltninga. Dersom det finst ei skjematisk oversikt, på tenestenivå/-områdene, med ansvar, område, antal tilsette, etc., så ønskjer vi også det.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Når det gjeld programvarer, støtteprogram og bruk av IKT-system i kommunen, så bør vi ha ei skjematisk oversikt over kva som finst i kommunen idag, med opplysningar om kva desse er brukt til (funksjonsområda) og korleis den enkelte programvare evt. er integrert i økonomi- og tenstefunksjonane i forvaltninga.

Når det gjeld budsjett- og rekneskap, og heri årsmelding, KOSTRA-materialet, m.v., så vil vi nytte økonomi- og tenestedata frå siste års rekneskap og inneverande års årsbudsjett. Vi vil også sjå litt på økonomi- og handlingsplanen, samt dei føringar som ligg i politiske vedtak kring desse dokumenta.

Det ville også vere fint om rådmanen kunne seie noko av rapportering og avvikshandtering i si tilbakemelding til oss; både for det som gjeld driftsdelen og det som gjeld investeringar. Vi ønskjer også nokre kommentarar frå rådmannen på utfordringane kommunen står overfor ved innføringa av samhandlingsreforma, samt andre utfordringar kommunen står overfor i 2012.

Ettersom analysedokumentet også skal ha i seg opplysningar om kommunen sine eigarskap med tanke på eigarskapskontroll og selskapskontroll, tør vi be om ei fullstendig oversikt over dei selskap kommunen er medeigar, deltakar eller heileigar i. Dersom kommunen har utarbeidd eit eige strategidokument for kommunen sine eigarskap i ulike verksemder/selskap, tør vi be om å få oversendt dette.

Vi utfordrar også gjerne rådmannen på om han kan kome med innspel på moglege kontrollområder som det etter hans syn vil vere fordelaktig å sjå nærmare på gjennom val av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Etter vår oppfatning bør forvaltningsrevisjonsressursar nyttsat på områder der kommunen i ei viss grad vil ha nytteverdi; - i form av fokus på ei kvalitetsheving, effektivisering, produktivitet, betra måloppnåing og god økonomisk styring.


Det er vår målsetting å få fram vesentlege forhold kring Solund kommune sine forvaltningsapparat, der risikoaspekta på eit meir overordna nivå vert belyst, slik at kontrollutvalet og kommunestyret får eit best mogleg beslutningsgrunnlag for kva som bør/skal prioriterast å sjå nærmare på i ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll/eigarskapskontroll.

Vi ser fram til ein god dialog og kommunikasjon med kommuneleiinga kring dette arbeidet. Har De spørsmål til ovannemnde, håper vi De vil ta kontakt.

Av omsyn arbeidet kring det føretåande årsoppgjeret for 2011, har vi valgt å ikkje setje ein fast tilbakerapporteringsfrist på dette, men vi tør ber om at De prøver å gje oss ei tilbakemelding så raskt som mogleg, slik at vi kan få framdrift i vårt arbeid i saka. Vi er også åpne for å ha eit møte kring dette, om det er ønskjeleg frå rådmannen si side.

Florø den 7. februar 2012

Med helsing



Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef


Kopi: Kontrollutvalet
Ordføraren

SM 12-12



SOLUND KOMMUNE

Årsmelding for 2011



Skatteoppkrevjaren i Solund kommune

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Tal årsverk ved SKO som kunn er nytta til SKO- funksjonen i rekneskapsåret	1,0	100%
Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,45	45%
Innfordring av skatt/ arbeidsgjevaravgift	0,3	30%
Kontrollverksemd	0,1	10%
Informasjon og vegleing overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/ revisorar	0,5	5%
Skatteutval	0	0%
Administrasjon	0,1	10%
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum 1,0	100%

1.1.2 Organisering

Stillinga som skatteoppkrevjar er tillagt økonomisjefen i Solund kommune og den daglege føringa/ arbeid med skatterekneskapen er organisert under økonomikontoret. Den fast tilsette skatteoppkrevjaren gjekk ut i 1 års permisjon i oktober 2011. Det vart tilsett ein person i dette vikariatet, dette er personen som til vanleg er IRK.

Skatteoppkrevjarane i Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen har i dag eit godt samarbeid, der vi nyttar kvarandre i ulike samanheng. Vi samarbeider og med arbeidsgjevarkontroll, der interkommunal rekneskapskontrollør er fagleg underlagt den einskilde SKO i samarbeidskommunane. Solund kommune er vertskommune for denne stillinga. I administrative spørsmål er IRK direkte underlagt administrasjonssjefen i Solund kommune som òg har arbeidsgjevaransvaret. Den fast tilsette IRK er ute i permisjon 1 år frå september 2011. Det lykkast å tilsette ein vikar i denne perioden, men denne personen har vore sjukmeldt den siste månaden av året.

1.1.3 Ressurs og kompetanse

Skattekontoret består av SKO, som har bachelorgrad i økonomi og adm., samt ulike kurs innafør skatt og offentleg forvaltning. Skattekonsulent har brei erfaring frå skatterekneskap og innfordring. Arbeidsgjevarkontrolløren har bachelorgrad i økonomi og adm. frå Høgskulen i Bergen, medan vikaren har lang erfaring innanfor arbeidsgjevarkontrollar.

1.2 Internkontroll

SKO har i 2011 jobba vidare med rutineskildringar for Solund skatteoppkrevjarkontor. Dette arbeidet er no ferdig.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret:

Den totale skatteinngangen til Solund kommune er kr. 71 283 960,- som blir fordelt følgende:

- Fordelt til Folketrygda- arbeidsgjevaravgift kr. 9 666 988
- Fordelt til Folketrygda- medlemsavgift kr. 16 140 659
- Fordelt til Fylkeskommunen kr. 3 477 449
- Fordelt til Staten kr. 25 599 564
- Fordelt til Solund kommune kr. 16 399 300

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Solund kommune sin del av skatteinngangen for 2011:

År	2009	2010	2011
Beløp	17 760 068	16 545 132	16 399 287
Endring i %	15,4%	-6,8%	-0,9%

1.4 Skatteutval

Solund kommune har ikkje hatt saker til skatteutvalet i 2011.

2. Skatterekneskapen

2.1 Avlevering av skatterekneskapen

Avlevering av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren i Solund kommune bekreftar at skatterekneskapen i 2011 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- 1 Det er ikkje motteke pålegg om regnskapsføringa, rapportering og avleveringa av skatterekneskapen frå regional kontrollenhet.

Årsrekneskapen for 2011 følgjer som vedlegg til årsmeldinga, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2010

Skildring	Beløp
Innestående margin for inntektsåret 2010, per 31.10.2011	0
For mykje avsett margin for inntektsåret 2010	0
For lite avsett margin for inntektsåret 2010	875 815

Prosentmarginavsetning: 11%. Gyldig frå: 01.01.2011.

2.2.2 Kommentar til marginavsetninga

Marginavsetning for inntektsåret 2011, per 31.10.2011 kr. 6 720 100. Ut frå oppsettet har kommunen sett av kr. 875 000 for lite. Kommunestyret har ikkje vedteke endring i prosentmarginavsetninga.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutviklinga

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2011	Herav berostilt restanse 31.12.2011	Restanse 31.12.2010	Herav berostilt restanse 31.12.2010	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	643 542	195 290	1 079 235	197 697	-435 693	-2 407
Arbeidsgiveravgift	31 959	0	16 767	0	15 192	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	63 054	0	63 882	622	-828	-622
Forskuddsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskuddsskatt person	73 344	0	21 196	0	52 148	0
Forskuddstrekk	58 649	0	55 001	0	3 648	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	1 591	0	3 376	1 785	-1 785	-1785
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt person	414 945	195 290	919 013	195 290	-504 068	0
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	----	----
Diverse krav	0	0	0	0	----	----
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	643 542	195 290	1 079 235	197 697	----	----

3.1.2 Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Restansen per 31.12.2011 er på kr. 643 542. Dette er ei reduksjon på kr. 435 693 frå 31.12.2010. Det har vore ei auke med kr. 15 192 for skuldig arbeidsgjevaravgift. Dette skuldast ein konkurs og beløpet vert mest truleg bortskrive. Det har vore ein reduksjon på kr. 504 068 for restskatt person. Dette som eit resultat av jamt fokus på innkrevjing.

3.1.3 Restansar eldre år

År*	Sum restanse (debet)	Av dette skatteart "Restskatt- person"
2009	9 949,-	8 821,-
2008	6 729,-	6 729,-
2007	21 639,-	21 639,-
2006-1999	332 207,-	-----

3.1.4 Kommentar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Tal krav som var forelda per 31.12.2011: Solund kommune har samla 2 krav som er forelda. Samla beløp på krav som var forelda per 31.12.2011: Kr. 12 037.

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato tom 31.12. føregående år og sikra at krav ikkje foreldas utan at det er sett i verk tiltak.

Tiltak til det eine kravet har vore utleggsforretning, med intet til utlegg. Her er beløpet 11 255. Det andre kravet tilhøyrer skatteytar busett i utlandet. Her er skuldig beløp kr. 782, som er under grensa for innkrevjing utland.

3.2. Innfordringa si effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat per 30.06.2011:

Skatteart	Skatt Vest forslag:	Resultat SKO Solund
Restskatt innbetalt	97,5%	98,2%
Forskotstrekk	100%	99,9%
Forskotsskatt	99,9%	100%
Arbeidsgj.avg.	100%	99,9%
Restskatt innford.	66%	71%

Ein har nådd resultatmåla som er sett med god margin.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom innfordringsaktivitet og innfordringsresultat

Det vert jobba kontinuerleg med innfordring, og kommunen har få tyngre saker. Det vert brukt mest utleggstrekk og motrekning i eksterne krav.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

3.3. Særnamskompetanse

Solund kommune nyttar Lensmannen i Gulen. Masfjorden og Solund som namsmann.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollane

Solund kommune er med i eit interkommunalt samarbeid om arbeidsgjevarkontrollen. HAFS- samarbeidet som består av kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen og samarbeidskommunane delar ein stilling (100% stilling) som interkommunal rekneskapskontrollør. Solund kommune er for tida vertskommune og har arbeidsgjevaransvaret for stillinga.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for regnskapsåret: 4

Som utgjer: 5, % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i regnskapsåret: 2

Som utgjer: 2,7% av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Det er gjennomført 3 kontrollar for Solund kommune i 2011, 1 av desse blei utført i desember 2011, men pga sjukdom vert ikkje sluttrapport sendt ut i 2011. Det vart også varsla ein 4. kontroll, men ein fekk ikkje byrja på denne pga sjukdom.

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Det vart ikkje avdekka noko i dei to kontrollane som vart slutført i 2011.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollområdet

Den fast tilsette IRK gjekk ut i permisjon i september 2011 for å gå inn i stillinga som Økonomisjef/Skatteoppkrevjar i Solund kommune i 1 år. Ein fekk tilsett ein ny kontrollør i dette vikariatet frå 17. oktober. Det vart i november førespeglar at måla om 4 kontrollar skulle nåast, men pga sjukdom på slutten av året klarte ein ikkje dette likevel.

Arbeidsgjevarkontrollområdet fungerer normalt godt, men når det førekjem langvarig sjukdom er ein sårbar.

4.5 Samarbeidet med andre kontrollaktørar:

Her har kommunen ingen aktivitetar å rapportere inn.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Ein driv med informasjon i den grad verksemdar melder inn behov. Det vert ved bokattersyn gått gjennom aktuelle tema som kan vere nyttig for arbeidsgjevarar.

Hardbakke 17.01.2012

Irene Sanden

Irene Sanden

Skatteoppkrevjaren i Solund kommune



SOLUND KOMMUNE

Skatteoppkrevjaren

Pb 73

6921 Hardbakke

Konto for skatt 78550514124

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2011.

Kopi: RK, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Secom Sekretariatet, Pb. 338, 6802 Førde
Sogn & Fj. Fylkeskommune, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

ÅRSREKNESKAP FOR Solund kommune
for inntektsåret 2011


avlagt etter kontantprinsippet

Kontotekst:	R-2011	R-2010
Likvider	6 146 661	6 326 193
Skyldig skattekreditorene	-431 403	-812 385
Skyldig andre	-20 067	-41 983
Innestående margin	-5 695 187	-5 471 821
Udisponert resultat	-3	-3
Sum	0	0

Arbeidsgjevaravgift	-9 666 988	-8 416 218
Personleg skatteytarar	-56 657 263	-52 230 635
Selskapsskatt	-5 018 166	-4 701 657
Renter	59 988	169 341
Innfordring	-1 532	-3 990
Sum	-71 283 960	-65 183 159

Fordelt til folketrygda- arb.g.avg	9 666 988	8 416 218
fordelt til Folketrygda- medlemsavg.	16 140 659	14 769 606
Fordelt til Fylkeskommunen	3 477 449	3 106 481
Fordelt til kommunen	16 399 300	16 545 132
Fordelt til Staten	25 599 564	22 345 722
Krav som er ufordelt	0	0
Sum	71 283 960	65 183 159

Hardbakke 12.01.2011


Irene Sanden

Skatteoppkrevjaren i Solund kommune



SOLUND KOMMUNE

Skatteoppkrevjaren

Pb 73

6921 Hardbakke

Konto for skatt 78550514124

011/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - SOLUND KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 16.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.05.2012	012/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Solund kommune.
- Årsmelding 2011.(Sendt frå adm.).
- Rekneskap 2011. (Sendt frå adm.).
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 12.04.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Solund kommune, datert 24.04.2012.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2011 - SOLUND KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Solund kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er inkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Solund

Hardbakke 24.05.2012

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR SOLUND KOMMUNE

Årsrekneskapen 2011 for Solund kommune er handsama i kontrollutvalet i Solund 24.05.2012.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 12.04.2012.

Årsrekneskapen er avgjeven av administrasjonssjef. Rekneskapen viser eit negativt brutto driftsresultat på kr. 1,575 millionar og eit negativt netto driftsresultat kr. 0,328 millionar. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 1,395,-

Revidert budsjett på inntektssida var kr. 70,9 mill. Rekneskapen viser kr. 78,0 mill.

Revidert driftsbudsjett på kostnadssida var kr. 68,4 mill. Rekneskapen viser kr. 79,6 mill.

Revidert budsjett for eksterne finanstransaksjonar var kr 2,83 mill. (underskot). Rekneskapen viser kr. 2,81 mill. (underskot).

Netto driftsresultat er kr. 0,08 mill betre enn budsjettert.

Netto driftsresultat utgjer -0,5% av kommunen sine totale driftsinntekter. Det er gjort utrekingar som tilseier at dette målalet bør liggje på 3% for at formuesbevaringsprinsippet skal vere oppfylt. Kommunen har såleis eit driftsresultat som ligg langt under dette målalet.

Av årsmeldinga, sjå side 7 , går det fram at tenestekområda har eit samla meireforbruk i høve til budsjett på kr. 658.000,- . Vi viser til omtale i årsmeldinga frå side 21 og utover for nærare detaljar.

Investeringsrekneskapen er avslutta i balanse. Det vert vist til årsmeldinga side 10 for nærmare detaljar.

Gjeldsgrada til kommunen har auka frå 73,2% 31.12.2010 til 78,4% 31.12.2011.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Likviditeten er positiv og synest å vere på eit tilfredsstillande nivå. Jfr. oversikt balanse og note 10 i rekneskapen.

Kontrollutvalet viser elles til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å kommentere rekneskapen på ein tilfredsstillande måte.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga. Revisor har ei presisering.

Med presisering til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Solund kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Rune Steinsund
-leiar-

Heidi Sanden
-nestleiar-

Steinar Krakhellen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

Solund kommune

6921 Hardbakke

Dykkar ref.:
Rekn311211

Vår ref.:
Revmeld 2011/ame

Arkivkode:
212

Journalnr.:
2012/0015

Dokumentdato:
12.04.2012

REVISJONSMELDING 2011

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Solund kommune, som er samansett av balanse pr. 31. desember 2011, driftsrekneskap som viser eit negativt brutto driftsresultat på kr. 1.574.725,-, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 1.395,-, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr. denne dato, ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogeleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjøn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling.

Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og

om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for våre konklusjonar.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Solund kommune pr. 31. desember 2011 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

Utale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk.

Presisering

Utan at det har betydning for våre konklusjonar ovanfor vil vi komme med fylgjande presisering:

- Sjølvkostrekneskap for feiing, syner eit overskot på kr. 62.516,-. Overskotet må avsetjast til eit bunde fond.

Hyllestad, 12.04.2012


Terje Førde
revisjonssjef


Aud Marit Nyland Eide
kommunerevisor I

012/12 ORIENTERING - EIGARSKAP I SELSKAP – EIGARSKAPSSTRATEGI

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.05.2012	012/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Solund kommune - «Eigarskap i selskap - Eigarskapsstrategi.»
- Brev frå Solund kommune til SEKOM-sekretariat – «Eigarskap i selskap – Eigarskapsstrategi».

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 007/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Orienteringa vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ORIENTERING - EIGARSKAP I SELSKAP – EIGARSKAPSSTRATEGI

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Administrasjonen gir ein skriftleg status kring eigarskap i selskap.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet i Solund heldt møte 18.01.2012. I sak 007/12 «Oppfølgingsliste 1-2012 Solund» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak.

Sekretariatet får i oppgåve å be administrasjonen om ein skriftleg status til neste møte i kontrollutvalet på kva som er gjort i høve til å lage ein eigarskapsstrategi for selskap Solund kommune eig eller er medeigar i.

20.01.2012 er det sendt brev til Solund kommune der kontrollutvalet ber om ei skriftleg tilbakemelding på status i arbeidet med utarbeiding av eigarskapsstrategi for selskap kommunen eig eller er medeigar i.

I brev den 09.02.2012 frå Solund kommune til kontrollutvalet går det fram at det er planlagt å leggje fram sak om eigarskapsstrategi på kommunestyremøte 14.06.2012.

Rådmann er kalla inn til møtet for å orientere om saka.

Sekretariatet sine vurderingar.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Solund kommune
Postboks 73
6921 HARDBAKKE

Førde 20.01.2012

Dykkar ref:

Vår ref: At

Jnr:

68/12

Arkiv: Solund

EIGARSKAP I SELSKAP - EIGARSKAPSSTRATEGI

Kontrollutvalet i Solund heldt møte 18.01.2012. I sak 007/12 «Oppfølgingsliste 1-2012 Solund» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak.

Sekretariatet får i oppgåve å be administrasjonen om ein skriftleg status til neste møte i kontrollutvalet på kva som er gjort i høve til å lage ein eigarskapsstrategi for selskap Solund kommune eig eller er medeigar i.

Saka har sitt utspring i følgjande:

«I kontrollutvalsmøte 23.09.2010 oppretta kontrollutvalet sak 020/10 «Eigarskap i selskap – eigarskapsstrategi» der kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å orientere om status kring eigarskap i selskap.*
- *Sekretariatet førebur sak med utgangspunkt bl.a. i rapport etter eigarskapskontroll i NGIR IKS og KS – eigarforum sine tilrådingar om eigarskap i selskap.*

Konklusjonen til Sekom-sekretariat etter eigarskapskontroll i NGIR IKS var som følgjer: *Solund kommune har i liten grad etablert eit system for å ivareta sine eigarinteresser i NGIR IKS. Det er ikkje det same som å sei at ikkje kommunen følgjer med på utviklinga i selskapet, men revisjonen/sekretariatet vil anbefale kommunen å vurdere ei meir formalisert oppfølging av sine eigarinteresser. NGIR IKS etterlyser sjølv eit tettare forhold til eigarkommunane.*

Dette er særskilt viktig i ein periode der selskapet står ovanfor store endringar i rammebetingelsane, som vil vere avgjerande for kva retning selskapet skal utvikle seg i, i åra som kjem. Ettersom Solund er ein av 9 eigarar, bør arbeidet med selskapsspesifikk eigarstrategi skje i samarbeid med dei andre eigarane.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Når det gjeld drifta i selskapet vurdert i eit eigarperspektiv, har ikkje revisjonen/sekretariatet gått spesielt djupt i problemstillingen. Men den økonomiske drifta framstår som god, brukarane er godt nøgde og samanliknande undersøkingar tydar på at selskapet har ei effektiv drift.

Under si handsaming i kontrollutvalsmøtet 27.05.2010 i sak 011/09 Rapport eigarskapskontroll i NGIR IKS gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet viser til rapporten frå Nordhordland Revisjon IKS og SEKOM-sekretariat datert 23.04.2009.*
- *Det vert vist til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.*
- *Kontrollutvalet vil særskilt tilrå at det vert utarbeidd eigarstrategi for selskapet, og at selskapet sitt arbeid vert referert i kommunestyret bl.a. i form av å få tilsendt møteinnkalling, årsmelding, rekneskap og møteprotokollar.*
- *Kontrollutvalet viser til Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 15, 2. ledd og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming.*

Kommunestyret handsama rapporten i møte 11.06.2009 i sak 038/09 Rapport eigarskapskontroll NGIR IKS Solund kommune og gjorde følgjande vedtak:

- *Solund kommunestyre viser til rapporten frå Nordhordland Revisjon IKS og SEKOM-sekretariat datert 23.04.2009.*
- *Det vert vist til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.*


KS Eigarforum har utarbeidd 19 tilrådingar om eigarskap i selskap. Basert på rapporten og vedtaka etter eigarskapskontrollen og NGIR IKS, vil det bli utarbeidd sak til neste møte om eigarskap i selskap og eigarskapsstrategi. Saka vil innebere å få informasjon om kommunen sine interesser i selskap og evt. arbeid med utarbeiding av eigarskapsstrategi.

Rådmannen møtte i kontrollutvalsmøtet 16.11.10 og orienterte. I orienteringa kom det fram at kommunen har starta arbeidet med eigarskapsstrategi for selskap kommunen eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka sak 022/10 «Orientering om eigarskap i selskap – eigarskapsstrategi: « *Kontrollutvalet tek til vitande administrasjonen si orientering om at kommunen har starta arbeidet med eigarskapsstrategi for selskap kommunen eig eller er medeigar i*»».

I samsvar med kontrollutvalet sitt vedtak 18.01.2012, ber vi om ei skriftleg tilbakemelding på status i arbeidet med utarbeiding av eigarskapsstrategi for selskaps kommunen eig eller er medeigar i.

Neste møte i kontrollutvalet er sett til 24. 05.2012.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



SEKOM - sekretariat
Postboks 338

6802 FØRDE

Arkivsaknr.:
12/55

Journalnr.:
12/465

Arkivkode:
K1-037

Dato:
09.02.2012

EIGARSKAP I SELSKAP - EIGARSKAPSSTRATEGI

Viser til ditt brev 20.01.2012.

Administrasjonen er godt i gang med å utarbeide eigarskapsstrategi i selskap som kommunen eig eller er medeigar i.

Arbeidet har ikkje hatt så god framdrift siste par månadane av di store ressursar i administrasjonen har gått med til saksførebuing og anna arbeid med vurdering av konsesjonssøknad og gjennomføring av folkeavrøysting med omsyn til eventuell utbygging av vindkraft.

Det er planlagt å legge fram sak om eigarskapsstrategi på kommunestyremøte 14.06.2012. Administrasjonen kan orientere kontrollutvalet om saka på neste møte 24.05.2012.

Med helsing


Gøsta Odéen
Rådgjevar

013/12 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.05.2012	013/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 7. februar 2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Solund kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 7. januar. 2012 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Solund kommune, har i brev datert 7. februar gjeve ei skriftleg egenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i egenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Solund kommune.

*Til Kontrollutvalet
i Solund kommune*

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Revplan 2012\ Erklæring2012Solund	216&30	04 / 2012	7. februar 2012

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT SOLUND KOMMUNE

Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særleine forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfford (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevings-tenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<p><i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings-tenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikkje revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i></p>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Solund kommune.</i>

Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor Solund kommune.</i>
-------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Førde den 7. februar 2012

Kommunerevisjonen

Åre Sogn og Sunnfjord

Postboks 187, 6801 Førde


Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef
Oppdragsansvarleg Revisor i Solund kommune

Kopi:

Solund kommune v/Rådmannen

Solund kommune v/Ordføraren

014/12 VURDERING AV HABILITET I SAKER GJELDENDE UTBYGGING AV VINDKRAFT I SOLUND

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 15.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Bystyret	24.05.2012	014/12 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Brev frå Solund Høgre v/sSvisning Kråkås til kontrollutvalet Solund kommune- «Gjennomgang av arbeidet med vindkraft i Solund kommune.»
- Brev frå Anne Grete Furrevik til kontrollutvalet i Solund – «Vurdering av habilitet i saker gjeldande utbygging av vindkraft i Solund», datert 05.mai 2012.
- Brev frå Kjell Mongstad til NVE – «Høyringsuttale til vindkraft i Solund, datert 10. oktober 2011.
- Spørsmål og svar om habilitet – KS
- Forvaltningslova kapittel II. Om ugildhet.
- Kommuneloven kapittel 7. De folkevaltes rettigheter og plikter. §40.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

VURDERING AV HABILITET I SAKER GJELDND E UTBYGGING AV VINDKRAFT I SOLUND

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Vurdering av habilitet i saker gjeldande utbygging av vindkraft i Solund.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har den 19.03.2012 motteke brev frå Solund Høgre v/Sveinung Kråkås - «Gjennomgang av arbeidet med vindkraft i Solund kommune». Sveinung Kråkås skriv i brevet at ein kompliserande faktor i handsaming av saka har vore bruk av habilitetsreglane.

Solund Høgre minar at kontrollutvalet særskilt bør vurdere den praksis som har vore fulgt i kommunestyresakene 10/12 til og med 15/12 i kommunestyret den 14. februar.

Kontrollutvalet mottok den 05.05.2012 brev frå Anne Grethe Furrevik med overskrift "Vurdering av habilitet i saker gjeldande utbygging av vindkraft i Solund."

I brevet går det fram at det i samband med utbygging av vindkraft i Solund, kan det i ei rekkje saker reisast tvil om habilitet. Det som spesielt vert teke opp i brevet er tidlegare ordførar Gunn Mongstad/leiar i forhandlingsutvalet sin habilitet.

I brevet blir det også vist til Forvaltningslova som m.a. definerer og slår fast krava til habilitet, Furrevik ber om at kontrollutvalet i Solund ser på desse forholda som er nemnt i brevet.

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i §§ 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Når det gjeld førespurnader frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, så må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka høyrer inn under utvalet sitt kompetanseområde, og om det vil prioritere saka.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet skal heller ikkje fungere som eit klageutval. I og med at førespurnaden ikkje kjem frå kommunestyret eller det går klart fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar at det ligg til kontrollutvalet å handtere saka, kan kontrollutvalet velje om dei vil prioritere å sjå på saka.

Vår konklusjon er at kontrollutvalet bør vurdere følgjande alternativ:

1. Kommunen vurderer behovet for å lage rutinar for korleis ein skal vurdere habilitets spørsmålet.
2. Kontrollutvalet ber rådmann orienter om handtering av habilitet i kommunestyresakene 10/12 til 14/12.
3. Avstå frå å sjå nærare på saka.

Partane vil bli orienterte om kontrollutvalet si handtering av saka.

Hardbakke, 09.03.2012

Solund Høgre
v/Sveinung Kråkås
6924 Hardbakke

SEKOM-sekretariat	
9. MARS 2012	
J.nr.	151/12
Saksh.	A + Arkiv Solund
U.off. etter	

Kontrollutvalet Solund kommune
v/SEKOM-sekretariat
Hafstadvegen 21
Postboks 338
6802 Førde


GJENNOMGANG AV ARBEIDET MED VINDKRAFT I SOLUND KOMMUNE

Solund kommune har gjennom ein lang prosess arbeidd med spørsmål knytt til vindkraftutbygging i Solund. Eit arbeid som i denne fasen vart slutført ved kommunestyret si handsaming av høyringsuttalane knytt til dei tre aktuelle vindkraftparkane i kommunestyremøte 14.februar 2012. For ein liten kommune som Solund så har dette vore ein vanskeleg prosess som har innebere mykje arbeid både politisk og administrativt.

Solund Høgre vil oppmode om at kontrollutvalet ser på det arbeidet som har vore gjort knytt til vindkraft i Solund kommune.

Ein kompliserande faktor i handsaminga av saka har vore bruk av habilitetsreglane i høve vindkraft. Spesielt vart det i kommunestyret 14.februar 2012 i k-sakene 10/12 til og med 15/12 gjort ei rekke habilitetsvurderingar. Solund Høgre meiner at kontrollutvalet særskilt bør vurdere den praksis som har vore fylgt i desse sakene.

Med vennleg helsing,


Sveinung Kråkås
Gruppeleiar


Otto Einen
Nestleiar

6926 KRAKHELLA

Kontrollutvalet i Solund
Sekom Sekretariat

6800 FØRDE

Vedr. Vurdering av habilitet i saker gjeldande utbygging av vindkraft i Solund.

I samband med utbygging av vindkraft i Solund kan det i ei rekke saker reisast tvil om habilitet. Det har av fleire vore stilt spørsmål til dette samla sett, og ein må stille seg spørjande til at Kommunestyret har godteke grunngjeving for at tidlegare ordførar Gunn Mongstad/leiar i Forhandlingsutvalet, i sak etter sak har sagt seg å vere habil her? Underteikna har lagt til grunn at fylgjande søknad, saker og skriv kjem inn under paragrafane i Forvaltningslova, som m.a. definerer og slår fast krava til habilitet, og ber difor om at Kontrollutvalet i Solund ser på desse forholda som er nemnt under fylgjande punkt:

Pkt 1. Konesjons-søknad frå Vesta-Vind, stempla inn hos NVE, 15.03.2006.

I konesjonssøknad for vindkraftverk på Ytre Sula i Solund Kommune, motteke hos NVE 15. mars 2006, er det søkt om oppføring av 3 vindturbinar på 2,5 MW på Ytre Sula i Solund kommune. Her skriv søkjar, selskapet VESTA VIND AS fylgjande, sitat:

«VESTA-VIND AS, som er konesjonssøker, er et privat foretak med utspring fra kompetansemiljøet innen energiteknikk og energi-økonomi ved Christian Michelsen Research (CMR) i Bergen. Selskapet baserer seg i stor grad på lokal kompetanse, og dette gjenspeiles i styresammensetning der lokal entreprenør samt lokal teknisk ekspertise er representert. Selskapet har videre et nært samarbeid med Solund kommune som har stadfestet sin interesse for gjennomføring av prosjektet», sitat slutt.

Vidare er fylgjande sagt i søknaden, under pkt.1, Konesjons-søknad, pkt.1.1, sitat:
«Birger Hjønevig har overdratt land til tiltakshavere, vederlagsfritt, mens selskapet i hele prosjekteringsfasen har brukt Solund kommune som støttespiller og rådgiver ved bla. ordfører Gunn Åmdal Mongstad, administrasjonssjef Ørjan Takle og kulturansvarlig Tor Arne Hauge. Generelt råder det en positiv stemning i kommunen med tanke på et vindkraftprosjekt. Kommunen har i en lengre periode slitt med fraflytting og ønsker et høyere aktivitetsnivå og flere arbeidsplasser», sitat slutt.

Ordførar har her vore involvert i heile prosessen frå 2004, og vore velvillig medspelar fram til søknaden vart sendt i 2006. Søknaden er ikkje lagt fram for Kommunestyret for uttale.

Sjå link: <http://skjema.nve.no/NVE-saksdokument/200601044-1-322699.PDF>

Pkt. 2. K-sak 004/11 VAL FORHANDLINGSUTVAL VINDKRAFT, 01.03.2011, sitat:

«Forhandlingsgrunnlaget skal drøftast i Temamøte i kommunestyre.

Utvalet sine forhandlingar skal bygge på kriterie og krav gjevne av Solund kommunestyre. Det endelege resultatet frå forhandlingane skal leggst fram for kommunestyret til godkjenning. Utvalet kan knyte til seg juridisk bistand.

Utvalet har slik samansetning:

Anne Grethe Furrevik, tlf.577 86914. e-post: afurr@broadpark.no

6926 KRAKHELLA

1. Ordfører, leiar av utvalet
2. Administrasjonssjef
3. Medlem vald av kommunestyret.

Som kommunestyret sin representant vert vald: Sveinung Kråkås

Som kommunestyret sin vararepresentant vert vald: Varaordfører», sitat slutt.

I denne saka er det særdeles vage og lite presise formuleringar om Forhandlingsutvalet sine prinsipp og mandat i forhandlingane. Solund kommunestyre har ikkje utforma kva kriterie og retningslinjer utvalet skal arbeide etter, slik vedtaket seier. Det er heller ikkje i den seinare prosessen utforma rammer for forhandlingane, godkjent av Kommunestyret.

I dette møtet er ordfører valt som leiar for Forhandlingsutvalet, men det er av ordfører ikkje lagt fram krav om vurdering av habilitet når dette skjer. Kommunestyret har heller ikkje vurdert om det er problemfylt, med omsyn til habilitet, at ordfører sit som den fremste tillitsvalde i Forhandlingsutvalet, som skal ivareta Solund kommune og folket sine interesser i høve til utbygging av vindkraft. I samband med denne rolla, vil ordfører/leiar kunne påverke prosessar i dei kommande forhandlingane, og i ettertid må ein difor stille seg spørjande til om framdrifta i forhandlings-prosessen har vore seinka? Når ein oppsummerer kva som skjer gjennom året fram til Folkerøystinga, så er vedtaket i K-sak 005/11 ikkje lagt vekt på og effektuert. Tidsperspektivet er av Kommunestyret sett opp som eit fremste krav, som Forhandlingsutvalet skal ha som utgangspunkt i dei kommande forhandlingar.

I K-sak 005/11, **FOLKEAVRØYSTING VINDKRAFT, 01.03.11**, blir dette understreka under pkt.1, sitat: «Det bør under alle omstende vere gjennomført forhandlingar med sel-skapa og kommunen for at kommunen sine økonomiske vilkår er forhandla fram før av-røysting kan skje», sitat slutt.

Pkt. 3. K-sak 023/11 - TEMAMØTE VINDKRAFT, 10.05.11.

Solund kommunestyre har fått innkalling til Temamøte om vindkraft av ordfører Gunn Mongstad, men det er ikkje utsendt sakspapir til møtet. Ordfører leia møtet. Det er heller ikkje lagt fram i Temamøtet, skrivne referat frå dei møter som ordfører har delteke i. Dette er heller ikkje referert til i møteboka, sitat:

«Ordfører informerer om Forhandlingsutvalet si framdrift i arbeidet.

Forhandlingsutvalet saman med SNU og SN var på besøk til Smøla kommune 24.02.2011, for å lære av deira erfaringar med etablering av vindkraftpark.

Ordfører har delteke på Generalforsamling 02.05.2011 i Landssammenslutninga av norske vindkraftkommunar (LNVK).

Ordfører refererer frå møte mellom Forhandlingsutvalet og Sula Kraft AS 13. april 2011 og møte med SAE Vind 27. april 2011.

Ordfører orienterer vidare om motteke innspel frå utbyggjarar:

Framlegg frå SAE Vind til ramme for forhandlingar i samband med Ulvegveina Vindpark.

Førebels utkast til avtale frå Sula Kraft AS i samband Ytre Sula vindkraftanlegg», sitat slutt.

I møteboka, som blir utsendt til dei folkevalde etter Tema-møtet, er det ikkje referert kva innspel som er omhandla i møtet. Vedtaket i møtet lyder:

KOM-023/11- VEDTAK:

Innspel som kom fram i møtet vert teke med i det vidare arbeidet med saka.

6926 KRAKHELLA

Av den grunn veit ein ikkje i ettertid kva punkt som er sett opp som vidare kriterie og grunnlag for gjennomføring av arbeidet i Forhandlingsutvalet, eller kva som er teke med som avgjerande punkt for forhandlingane. Det er heller ikkje av leiar i seinare Kommunestyremøter i 2011, lagt fram for dei folkevalde resultat Forhandlingsutvalet har komme fram til i høve til drøftingar med dei to utbyggingsselskapa, SULA KRAFT OG SAE VIND.

Avtaletekstane har seinare òg fått ei merkeleg vidareformidling. I arkivsak, ID 11/17, er det oppført ei rekkje tids-punkt for møter og forhandlingar mellom partane, men avtaler og referat er ikkje lagt fram for Kommunestyret. Kvifor desse ikkje er lagt fram for dei folkevalde av leiar i Forhandlingsutvalet, er ikkje kjent eller grunngjeve? Då innbyggjarane i Solund, naturleg nok, er interesserte i kva utbygginga av Vindkraft vil gje av økonomisk gevinst for kommunen, er dette langt på veg ikkje i tråd med dei opphavlege innspel til avtaler mellom partane som kom fram under Temamøtet 10.05.11, og vedtak i K-sak 004/11. Ein snakkar her òg om manglande Offentlegheit i Forvaltninga, der dette skulle vere naturleg.

Pkt.4. NVE 200707151/76: Høringsuttalelse - Ulvegveina og Ytre Sula vindkraftverk.

Følgje-skrivet har denne teksten, sitat:

Emne: Høringsuttale til Vindkraftutbygging i Solund.

Fra: Kjell Mongstad [kjell.mongstad@gmail.com]

Til: NVE.

Sendt: 10. oktober 2011 22:59:22

CC: Gunn Mongstad; Anne Marie Gåsvær Færøy; Tom Færøy; Leirvåg, Inger, Sony Music Norway; øyvind; Roar Moe; Bjørn Magne Hansen; Trude Søilen; Idar Vaulen, **sitat slutt.**

Undervegs i 2011 blir det sendt innspel om vindkraft til Solund kommune, både av innbyggjarar og organisasjonar. Hørings-instans var Solund kommune. Ektefelle til leiar i Forhandlingsutvalet, Kjell Mongstad, sender ein høyrings-uttale direkte til NVE. Dette er på alle måtar er eit protest-skriv mot Vindkraftutbygginga i Solund, med kopi til dei ovannemnde, m.a. leiar i Forhandlings-utvalet. Kjell Mongstad, har vore, og er, medverkande i ei rekkje prosjekt i Solund, der økonomiske interesser har stor preferanse for dei nemnde her. Han har i skrevet ei rekke ankepunkt til vindkraft-utbygginga, vel vitande om at dette kan oppfattast som fremjande for eigen-interesser. Ein må her stille seg spørjande til kor lojalt leiar Gunn Mongstad, kan ha prioritert Solund kommune og innbyggjarane sine interesser, framfor utspel og omtale av vindkraft-utbygginga, oppsummert i skrevet til Kjell Mongstad, som ho har motteke saman med dei andre adressatane i e-posten, Han understrekar i omtale av si rolle i denne saka m.a.fylgjande, sitat:

«Mine innspel:

Underteikna har vore engasjert i reiselivsrelatert verksemd og prosjektarbeid for Solund i lengre tid. Eg har då fått den gleda å ha opplevd Solund saman med reiselivsguruar, eventbyrå, Turistkontor, journalistar, føredragshaldarar og andre reiselivsorienterte menneske som har reist land og strand og Noreg på kryss og tvers», sitat slutt.

Vidare stiller han i skrevet ei rekke spørsmål til m.a. selskapa sine konsekvens-utgreiingar og planar, og svarar sjølv på spørsmåla, sitat: «**Faktum omkring Solund sin unike geologi og korleis denne vert berørt og ikkje kan førast attende til sin opphavlege tilstand med desse utbyggingane, må utgreiast langt betre, dernest opplysast til innbyggjarane og til sist takast omsyn til ved handsaminga av søknaden**», sitat slutt. Ein må stille seg spørjande til kvifor ikkje dette vart undersøkt under høyrings-prosessen? Og vidare, kvifor sørga ikkje leiar for at Forhandlingsutvalet fekk utgreidd dette på best mogeleg vis fram til Folkerøystinga, slik at innbyggjarane i

6926 KRAKHELLA

Solund fekk ei avklaring i høve til desse kjerne-punkta, som Kjell Mongstad gjer seg til talsmann for?

I skrivet skuldar Kjell Mongstad òg selskapa for å fare med feil-informasjon. I sin nære relasjon til Kjell Mongstad, og som leiar i Forhandlingsutvalet, kvifor legg ikkje Gunn Mongstad dette lojalt fram til utvalet, for at dette skal bli klårlagt og retta opp?

Han uttaler seg vidare om reiselivs-satsinga i kommunen, og uttrykker negative framtids-utsikter slik, sitat: «Spørsmålet er om kva som vil skje med reiselivsutviklinga på lengre sikt? 2. Den langsiktige konsekvensen er ikkje vektlagt i utgreiingane; - kva skjer når utbyggingsfasen er ferdig og normaliteten oppstår igjen? Kva vil skje om 10, 20 og 40 år? Vår naturarv, og dermed også våre framtidige verdiar, vil for alltid vera knytt til det Solund faktisk har fått tildelt naturgjeve; - herunder sjølv sagt også vinden», sitat slutt.

Alvoret i dette skrivet er, at det ikkje berre oppfordrar dei som har fått kopi av skrivet til å spreie negativ omtale, men òg at det tildels legg til rette for dyrking av skremselspropaganda. At Forhandlingsutvalet ikkje får innsyn i dette skrivet, (det hadde dei fått om det hadde vore sendt til Solund kommune), og får gjere dei grep som er naudsynt, for å rette opp den evt. skeive vinklinga all informasjon får, er lite tillitvekkande for leiaren. Skrivet til NVE frå Kjell Mongstad er sendt med som vedlegg.

Pkt.5. Kommunestyremøte,14.02.12. K-sak 10,11,12/12 og 13,14,15/12.

På bakgrunn av tidligare oppsummering om innhaldet og problemstillingar i skriv og saker, er det her vanskeleg å sjå heilskapen i desse sakene. Habiliteten til samtlege Kommunestyremedlemar blir vurdert i møtet, og dei er etter ulike paragrafer i Forvaltningslova, funne habile eller inhabile til å delta i avstemming i desse sakene. Leiaren i Forhandlingsutvalet, Gunn Mongstad, kjem med grunngjeving for sin habilitet, og blir av Kommunestyret funne habil for å delta i avstemminga. Ein må stille seg spørjande til dette? I fylgje Forvaltningslova § 8 er det sagt: «Medlem skal i god tid si fra om forhold som gjør eller kan gjøre ham ugild.» Dette er ikkje blitt gjort, møteboka frå møtet refererer ikkje om dette.

I K-sak 10,11 og 12/12 legg Forhandlingsutvalet fram delvis fram-forhandla avtalar med dei tre selskapa, SAE VIND, SULA KRAFT og VESTAVIND, og Kommunestyret godkjenner avtalane heilt eller delvis, sjå vedtak i dei tre sakene. Kommunestyre-medlemene har innspel til vidare forhandlingar, og vedtaka er einstemmig, eller med stort fleirtal.

Dei neste 3 sakene, K-sak 13,14 og 15/12 omhandlar høyrings-fråsegnene for utbygging av vindkraft i regi av dei tre selskapa, og her skjer det som underteikna stiller seg sterkt spørjande til!

Alle 3 høyrings-fråsegnene blir vedtekne med fleirtal mot utbygging, og leiar i Forhandlingsutvalet, står her fram som forslagsstillar til vedtak i sakene. Rollen som leiar i Forhandlingsutvalet ser ikkje ut til å innverke på deltaking i den politiske handsaminga av sakene, og ein må stille seg spørjande til kvar lojaliteten ovanfor dette ligg, og om tidlegare medverknad i forhandlingar, og kontakt med partane om utbygging av Vindkraft, ville medføre inhabilitet?

Ein annan merkeleg konstellasjon er at avtalane om utbygging er vedtekne einstemmig eller med stort fleirtal av Kommunestyremedlemene, og i neste omgang står medlemene fram som sterke motstandar av utbygging? Det gjeld her medlemene som danna fleirtalet mot utbygging. Til samanlikning, K-sak 10,11 og 12/12.

Anne Grethe Furrevik
Furrevik

05. mai 2012

6926 KRAKHELLA

Ein må her oppfordre Kontrollutvalet om at dei nemnde sakene, K-sak 10,11,12,13,14 og 15/12, blir gått nøye gjennom, og vurdert på bakgrunn av fleire paragrafer i Forvaltningslova. Dei nemnde skriv og saker som er vist til ovanfor, er alle samla sett bestemmande for kva som har medverka til resultatet i denne prosessen, fram mot siste avstemming i Kommunestyret 14.02.12.

Skulle det vere spørsmål til skrivet, med omsyn til uklåre formuleringar, ber eg om at eg blir kontakta.

Med helsing

Anne Grethe Furrevik

Vedlegg: Høyrings-uttale frå Kjell Mongstad.

Fra: Kjell Mongstad [kjell.mongstad@gmail.com]

Sendt: 10. oktober 2011 22:59:22

Til: NVE

CC: Gunn Mongstad; Anne Marie Gåsvær Færøy; Tom Færøy; Leirvåg, Inger, Sony Music Norway; øyvind; Roar Moe; Bjørn Magne Hansen; Trude Søylen; Idar Vaulen

Emne: Høyringsuttale til Vindkraftutbygging i Solund

Attachments: HØYRING TIL konsesjonssøknadane.doc

Vedlagt følger ein høyringuttale som gjeld felles for både Ytre Sula Vindpark og Ulvegveina Vindpark frå meg personleg

Mvh

Kjell Mongstad
6921 Hardbakke
tlf. 90831711

Kjell Mongstad
6921. Hardbakke

Høyringsuttale til Konesjonssøknad for: Ytre Sula Vindpark og Ulvegveina Vindpark

Viser til konesjonssøknad og konsekvensutgreiing for både Ytre Sula Vindpark og Ulvegveina Vindpark.

Eg ynskjer berre å koma med generelle innspel som gjeld for begge planane, i staden for å gå i detalj, sidan dette går på mitt heilskaplege inntrykk av arbeidet som er gjort.

Det er gjort eit omfattande arbeide og det skal kraftselskapa ha honnør for.

Her er mine innspel:

1. Kall ein spade for ein spade:

Dette er eit "Industriområde", ikkje "Park"; - korkje fornøylespark eller nasjonalpark.

Nemninga kan forleida ein overflatisk lesar til å tru at det vert etablert 2 store nye rekreasjonsområde i Ytre Sogn og Solund. Slik er det ikkje.

Det skal trass alt kontinuerleg rotare turbinvinger som er 90 /95 meter i diameter på 40 /46 turbinar i brorparten av Ytre Sula og Krakhellenipa / Kråkenes området. Turbinar som frå fundamentet og opp til toppen på vingespissen måler om lag 125m /145 m (Utvær Fyr er om lag 40 m.).

Det skal også sprengast ut tilkomstveggar og fundament til alle turbinane i kvart område.

Solund vert heretter ein industrikommune / kraftkommune, med eit av landet sine største satsingar på vindkraftindustri.

Kall ein spade for ein spade!

2. Mangelfulle opplysningar som går på heilskap på landskap - Solund er eit geologisk fenomen

Solund har landskapskvalitetar som i verdssamanheng er særmerkte.

Sognefjorden er eit verdskjent naturfenomen og ein verdskjent destinasjon.

Delar av indre fjordområde har sågar fått Verdsarv-status.

Den ytre delen av Sognefjorden, der Solund representerer inngangsporten, har nyleg fått Naturarv-status (regionalt kalla Kystarven).

Norges Geologiske Utredning har allereie nemnt landskapet som eit av dei mest geologisk interessante i verda; - sidan heile den gelogiske verdshistoria kan lesast i landskapet vårt. Nordsida av Sognesjøen, representerer i den samanheng den første synlege forkastninga etter Devon-tida.

Fokus på inngrep vert stort sett realtert til synlegheit frå nærliggande husvære.

Det vil vera eit faktum at store delar av Solund-naturen for alltid vil verta endra med desse utbyggjingane. Såra i naturen er og vert irreversible. At nokre husstandar ser inngrepa er irrelevant

Faktum omkring Solund sin unike geologi og korleis denne vert berørt og ikkje kan først attende til sin opphavlege tilstand med desse utbyggjingane, må utgreiast langt betre, dernest opplyst til innbyggjarane og til sist takast omsyn til ved handsaminga av søknaden.

3. Reiseliv

Eg ber dykk rette opp i ei svært mangelfull og utdatert utgreiing av reiselivet i Solund. Det er vanskeleg å sjå at det kan ha vore oppdaterte undersøkingar på kva som faktisk rører seg i Solund og regionen pr. dags dato, på kultur- og reiselivsfronten.

Fordi det er så motstridande økonomiske interesser i reiselivsbransjen, så vil det aldri koma på trykk eit eintydig svar på om vindmøller i Solund er positive eller negative for reiselivet. Det er eg innforstått med og eg respekterer at andre meiner noko anna enn meg sjølv.

Mine innspel:

Underteikna har vore engasjert i reiselivsrelatert verksemd og prosjektarbeid for Solund i lengre tid. Eg har då fått den glede å ha opplevd Solund saman med reiselivsguruar, eventbyrå, Turistkontor, journalistar, føredragshaødarar og andre reiselivsorienterte menneske som har reist land og strand og Noreg på kryss og tvers.

Felles multiplum på attendemeldingar er at "dette er noko av det mest særmerkte av natur som eg har vore borti". Utan unntak oppstår det ein fascinasjon av Solund, i høve til natur, kultur og menneske som ein møter.

Eg har vore engasjert i å utvikle reiselivspakkar, restauranttilbod, båthotell m.m. og seinast jobba fram Norsk Kystkulturakademi AS og Merkevarer Solund AS / SolundMat AS.

Dei 2 sistnemnde verksemdar består av 47 eigarar som alle har som mål å gjera Solund kjent for sine natur- og kulturmessige kvalitetar og utvikle og selje produkt under merkenamnet Solund til ein best mogleg pris.

I eigarkontellasjoen kan det sjølvstøtt vera eigarar som har eit anna syn enn det eg gjev uttrykk for her.

Kysten, også langsmed ytre delar av Sognefjorden, kan med alle dei planar som ligg føre, verta nærast nedbygd med vindmøller om nokre år.

1. Vert det vindmøller i Solund, vil det på kort sikt verta mykje verdiskaping i Solund. Dette kjem godt fram i konsekvensutgreiingane og i eit særskilt rundskriv til kommunen sine innbyggjarar frå Sula Kraft.

Spørsmålet er om kva som vil skje med reiselivsutviklinga på lengre sikt.

2. Den langsiktige konsekvensen er ikkje vektlagt i utgreiingane; - kva skjer når utbyggjingsfasen er ferdig og normaliteten oppstår igjen? Kva vil skje om 10, 20 og 40 år? Vår naturarv, og dermed også våre framtidige verdiar, vil for alltid vera knytt til det Solund faktisk har fått tildelt naturgjeve; - herunder sjølvstøtt også vinden.

Vil det verta auka tilflytting og tilreisning til ein vindkraftkommune som går inn i rekkja av uttalte andre vindkraftutbyggjingar langs Norskekysten?

Vert det like interessant å opphalde seg Solund etter utbyggjinga.

Vil det fortsatt vera interessant å skape samfunnsutvikling, næringsutvikling, bygge hus, hyttefelt, feriere på sine hytter, kjøpe overnatting-, mat-, og opplevingstenester etc. etter utbyggjinga?

Og kva skal vera Solund sin profil etter utbyggjinga?

Kva skal vera grunnlaget for vekst i framtida?

Korleis skal vi veksa?

Alle andre enn kraftselskapa er i så måte avhengig av ei berekraftig utvikling.

Kraftselskapa kan gjere slike utbyggjingar på grunn av dei enorme subsidiane og dei store løpande inntektene.

Våre mange små sårbare verksemdar må sikre den jamne, gode veksten i framtida.

Og dei vil verte like sårbare etter at utbyggjingsfasen er over. Noko anna er ikkje skissert i konsekvensutgreiinga.

Denne ekstreme utbyggjinga vil gje ein kortsiktig oppsving.

Kva er det så som skal gje den langsiktige oppsvingen?

Og kva er den berekraftige måten å føra samfunnet vidare på?

Kan vi etter dette selja Solund som den unike, urørte og særmerkte kommunen?

Mitt svar:

Dimensjonane på desse møllene, inngrepa i naturen og konsekvensane elles, er hinsides alt som kan kallast naturleg og berekraftig utnytting av vinden/naturressursane i Solund.

Slike inngrep vil etter mi meining, føra til økonomiske store tap for reiselivssektoren i eit lengre perspektiv.

Vår naturgjevne profil, som er vår fremste salsvare og merkevare vil verta vesentleg forringa.

Eg kan sjølv sagt ta feil, men tek vi tsjangsen på det?

Vi lever i ein liten parantes av verdshistoria.

Dei som konsekvensutgreiier desse gigantutbyggjingane, må ha kvalifiserte tankar om korleis Solund skal få til ei berekraftig utvikling etter 5 år, etter 10 år, 20 år, 40 år.

Likeins må vi som meiner at ein annan veg er betre, skissere korleis vegen så skal gå.

Reiselivstrenden er klår; - det vert venta at tilreisande (også busetjarar) i framtida vil oppsøkje og oppleve levande, ekte og autentiske stader (jf. "geoturisme", "økoturisme", "sustainable tourism").

Solund representerer eit slik levande og autentisk samfunn. Naturen er særmerkt, kystkulturen er rik og levande, folkeferdet er flotte verdiberarar og samhaldet er godt.

Slike levande samfunn er i dag mangelvare.

Tunge aktørar som SIVA er no i ferd med å lage eit nasjonalt satsingsområde i "Havparken", der Solund sjølv er meint å vera ein aktiv medaktør.

I denne satsinga vil Solund vera eit av dei viktigaste produkta. Denne satsinga vil stå i direkte motstrid til ei stor industriell vindkraftutbygging i same område.

Og på sikt vil, dette skape inntening for alle dei mindre verksemdene som er avhengig av at folketalet og ta tilreisande veks jamnt

I Solund vert det bygd opp verksemdar rundt lokalmatproduksjon av fisk og kjøt, der villsau er meint å vera premium-produktet og såleis eit av verksemda sine særmerkte merkevareprodukt. Landskapet og naturkvalitetane er uløysleg knytt til denne villsau og vi meiner at det øydeleggjande med ei storstilt industribygging i begge desse områda.

Solund har i ein lengre tidsperiode, synt at folketalet har halde seg stabilt. Unge familiar flyttar til, og dugnadsåndar er nyleg kåra til å vera på topp i landet.

Det same gjeld for statistikkar på nyetableringar i næringslivet år om anna.

Det skjer sjølv om kommunen ikkje fløymer over av pengar.

Dette stadfestar at Solund er eit samfunn kan leve og blomstra uavhengig av mengder av kraftinntekter.

Storleiken på økonomien til ein kommune og folket som bur der, er difor ikkje synonymt med folketalsvekst og trivnad. Dette er også lett å stadfesta statistisk!

Konklusjon:

Solund er i ein satsingsperiode for reiselivsrelaterte verksemder. For mange av desse aktørane er det svært negativt at kommunen vert bygd ned med vindturbinar, vegnett og krafttrasear, og at kommunen får eit stempel som industrikommune eller kraftkommune.

4. Berre fokus på "de nære ting" - feilinformasjon

Friluftsmessige- og visuelle konsekvensar vert vurdert som små for dei som ikkje ligg innafor kraftselskapa sine definerte grenseverdiar.

Ravnenipa, Vardefjellet og Pollatind og mange fleire toppar, vert hyppig nytta av lokalbefolkning og reisande som utvikspunkt.

T.d. Ravnenipa vs. Krakhellenipa/Kråkenes og Utvær fyr ; - nærare bestemt det vesle fyret som vil koma til å stå der ute, lengst vest i havet, unnselig mellom alle desse kritkvite monstermøllene.

Frå desse utvikspunkta har heile Solund, geografien, geologien, historien vorte forklart til våre born og gjestar og tilreisande. Opplevinga har gjerne vore delt saman med ei appelsin, nistepakke og ein termos med varm kakao; - fredfullt, uforstyrta for tanke og syn .

Ikkje veldig ulikt dronning Sonja på Pollatind si oppleving forøvrig!

Toppen på Ravnenipa er svært attraktiv og lett tilgjengeleg som friluftsmål. Både i vest og aust vil ein heretter få ei diamnetralt annleis oppleving med ei vindkraftutbygging.

Det er såleis ei grov feilvurdering og feilinformasjon, når det kjem fram at det berre er få menneske som vert berørt av inngrepa på Ytre Sula

Faktum er at ein simpelthen reduserer heile Solund sin attraksjonsverdi for alle innbyggjarar og tilreisande som brukar naturen meir eller mindre aktivt.

Når det er så enkelt å sjå Utvær Fyr, Ulvegveina og Brosviksåta på ein middels god dag, så er mykje av biletaterialet fullstendig misvisande for meg som sporadisk gjest på Ravnenipa.

5. Image, identitet, profil

Image, identitet og omdøme er eit sterkt veksande fokusområde og ikkje minst eit suksesskriterium for trivnad og vekst i eit samfunn.

Trass i utallige innspel i prosessen frå underteikna si side, så er ikkje konsekvensane ei slik formidabel utbygging utgreidd, korkje mot image, identitet og den profil som vår kommune i framtida skal marknadsføre seg under.

Utbyggingsplanane gjer at Solund kommune vil image-messig endra seg frå å vera kjent som den vesle urørte, eller varleg berørte, til å verta ein kraftproduserande, industriell kommune. Frå å ha fokus på det landskapsmessig urørte og unike, til å ha gjort irreversible inngrep i det unike landskapet.

Mongstad-utbygginga står kanskje som det næraste døme på korleis eit lite samfunn og ein heil region vart endra som følgje av eit vedtak om ekstrem industriell utbygging og vekst. Dette er eit døme på korleis ein eller fleire kommunar for alltid vil verta forbunde med dette namnet og korleis image, identitet og profil vert endra frå naturmessige perler, til Statoil Mongstad..

Vil vi ei slik endring?

Er det på sin plass å konsekvensutgreie slikt?

Burde vi kanskje gjort eit val på om vi vil ha vindkraft, først etter at vi har bestemt oss for på kva måte denne kommunen skal profilera seg som på lang sikt?

Vi bør konsentrere oss om framtida. Det er der vi skal vera resten av livet
(Mark Twain)

Hardbakke 10.oktober 2011
Kjell Mongstad

Spørsmål og svar om habilitet

17.12.2009

Skriv ut | Tips

Habilitet er et tema som opptar mange folkevalgte. Under finner du spørsmål og svar om blant annet hvem som er inhabil, hvem som fatter avgjørelse om inhabilitet, hvem som overtar ansvaret ved inhabilitet og protokollføring av habilitetsbehandling.

Hvem saksbehandler saker når rådmannen er inhabil?

I utgangspunktet gjelder forvaltningslovens § 6 tredje avsnitt, som sier at "Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelsen i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan. "Dog er det slik at bestemmelsen i § 6 tredje avsnitt ikke er til hinder for at en underordnet tjenestemann forbereder en sak der hans overordnet er inhabil. Det kan nok tenkes særlige tilfeller der den underordnede selv må anses ugild etter andre avsnitt (lenke til Forvaltningslovens § 6 annet avsnitt) fordi hans overordnede er det. I så fall må saksforberedelsen overtas av andre. (Ot.prp. nr. 38 (1964-65) s. 46)

Når rådmannen leverer reiseregning er det ordfører som attesterer, og saken behandles av ansatt i kommunen under instruksjon av ordfører. Slik vil det være med de fleste saker. Ved saker av mer alvorlig karakter, kan man velge enten å la ordfører faktisk saksbehandle hele saken, eventuelt ved hjelp av ansatte til å foreta saksopplysningsinnhenting, eller man kan engasjere rådmannen i en nabokommune til å saksbehandle saken, noe som nok ikke er vanlig. Saken legges så frem for det politiske organ som skal fatte vedtak.

Hvordan protokollføre habilitetsbehandling i et møte?

I protokollen fra møtet kan følgende skrives: Under behandling av sak 25/2009 tok representanten Olsen opp spørsmål om sin habilitet på grunn av følgende (redegjør kort). Det er ikke nødvendig å referere grunnen.

Representanten Olsen fratradte ved behandlingen av habilitetsspørsmålet. Vararepresentanten Nilsen (for Olsen) som var innkalt, tiltrådte ved behandling av spørsmålet. Habilitetsspørsmålet ble diskutert, og kommunestyret fattet følgende vedtak i saken om habilitet: Kommunestyret finner at representanten Olsen er inhabil i saken (her kan det gis en kort begrunnelse med direkte henvisning til paragrafer i forvaltningsloven eller KL § 41.) Kommunestyret finner ikke at representanten er inhabil.

Ved inhabilitet behandles saken med vararepresentant Nilsen til stede. Etter behandlingen fratrer Nilsen og Olsen gjeninntar sin plass. Har man ikke innkalt vararepresentant vil man måtte skrive i protokollen at kommunestyret talte f. eks 40 representanter av 41 ved behandlingen.

Hvem avgjør om bygningsrådets leder er inhabil i en sak?

Det er det folkevalgte organet selv som skal ta stilling til de enkelte medlemmenes habilitet. Kommuneloven § 40 "Retten og plikt til å delta i møter i kommunale og fylkeskommunale organ. Inhabilitet. Rett til dokumentinnsyn" Nr. 3, og de ulike inhabilitetsgrunnene er angitt i forvaltningsloven § 6. Hvordan spørsmålet om habilitet skal behandles og hvem som avgjør spørsmålet, er regulert i forvaltningsloven § 8 andre og tredje ledd.

Det kan være bygningsrådsleder selv som reiser spørsmålet om habilitet før den aktuelle saken behandles i bygningsrådet, eller et annet medlem i samme organ kan reise spørsmålet. Før bygningsrådet går til realitetsbehandling av den aktuelle saken, må bygningsrådet ta opp til behandling habilitetsspørsmålet vedrørende, i dette tilfellet, bygningsrådslederen, som må fratre mens bygningsrådet behandler habilitetsspørsmålet.

Vararepresentant tiltrer da bygningsrådet under behandling av habilitetsspørsmålet. Er habilitetsspørsmålet reist i bygningsrådet, må organet ta stilling til spørsmålet. Forståelig nok er det viktig å varsle lederne (og administrasjonen) om at spørsmålet vil bli reist i god tid før møtet, slik at varamedlemmer kan møte under behandlingen av habilitetsspørsmålet og eventuelt under behandlingen av den aktuelle saken.

Er en folkevalgt inhabil når han er styremedlem i et aksjeselskap som er eid av kommunen og et privat selskap?

Forvaltningslovens § 6 lyder slik: En offentlig tjenestemann (note 1) er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak

e - når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for, et selskap som er part i saken og ikke helt ut eies av stat eller kommuner (note X) eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken.

Note 1: Personer som er tilsatt i en kommunes tjeneste, er offentlig tjenestemann jfr. forvaltningsloven § 2 første avsnitt punkt d. Etter forvaltningslovens § 10 vil lovens inhabilitetsregler også gjelde for kommunale ombudsmenn.

Note x: Det forhold at kommunen eier majoriteten av aksjene i et selskap medfører ikke at selskapet omfattes av unntaksregelen, bortsett i fra de tilfeller hvor kommunen eier alle aksjer unntatt to, og de øvrige er to privatpersoner for å tilfredsstille aksjelovens tidligere krav om minst tre stiftere.

Dette betyr at vedkommende er inhabil. Enkelte mener at dette ikke kan være riktig i og med at vedkommende bør ivareta kommunens tarv. I et styre skal vedkommende ivareta virksomhetens tarv, ikke kommunens eller partiets. Dette kan selvsagt være problematisk for folkevalgte, og på den bakgrunn bør den folkevalgte alltid vurdere sine forskjellige roller og de rollekonflikter som kan oppstå.

Er en grunneier som også sitter i kommunestyret inhabil når eiendommen hans tas under regulering?

I følge Forvaltningslovens § 6 vil en offentlig tjenestemann være inhabil når han selv er part i saken. §6. 1 ledd punkt a. Det må antas at grunneier er en part. Det spiller da ingen rolle om han oppnår en fordel eller det er en ulempe. Forvaltningsloven gjelder også for kommunale ombudsmenn, jfr. Forvaltningslovens § 10.

Det vanlige er at personen selv ber om at hans habilitet blir vurdert, dersom vedkommende selv ikke gjør det, er det naturlig at ordfører tar spørsmålet opp i det organ hvor saken behandles, i dette tilfelle kommunestyret. Spørsmålet kan også reises av andre i kommunestyret dersom verken ordfører eller partene selv tar spørsmålet opp. Kommunestyret er da pliktig til å foreta en vurdering før saken behandles videre.

Det er så opp til kommunestyret å vurdere personens habilitet, uten at personen selv deltar i diskusjonen og den eventuelle avstemning som måtte forekomme. Det er kommunestyret som avgjør habilitetsspørsmålet. Dersom flertallet er av en bestemt oppfatning kan dette påklages til fylkesmannen som kan overprøve kommunestyrets vedtak i saken. Dersom kommunestyret har behandlet spørsmålet feil kan fylkesmannen oppheve vedtaket fra kommunestyret.

Kan jeg som folkevalgt leder av kommunens barnevern også stille opp som privatperson i forbindelse med en barnevernssak?

I en kommune har en ungdom henvendt seg til en bekjent som også er folkevalgt leder av kommunens barnevern. Men det er i egenskap av bekjent henvendelsen kommer. Gutten ønsker å bo hos lederen og har også bedt ham være med som støtteperson i forbindelse med møter med barnevernet.

Barnevernet og administrasjonen i kommunen liker ikke denne situasjonen, fordi de er usikre på hvilken rolle lederen til enhver tid har. Lederen har klart gitt uttrykk for at han vil anse seg selv som inhabil i lederfunksjonen dersom saken utvikler seg slik at den skal behandles av det folkevalgte organ hvor han er leder.

Vi kan ikke se at den bekjente rammes av inhabilitetsreglene i forvaltningsloven, da disse kun gjelder for folkevalgte i kollegiale organer eller tilsatte som behandler saken. Den bekjente opptrer her kun som privatperson.

Det neste spørsmålet vil være om kommunen aksepterer den bekjente som ledsager til gutten, i det vi forutsetter at han ikke er oppnevnt som verge for ham eller er hans fullmektig, siden vi forutsetter at gutten ikke er myndig. Det vil på den annen side være rart om ikke kommunen vil akseptere at den bekjente stiller opp når gutten i sin situasjon ønsker det.

Vi antar videre at kommunen kan motsette seg at den bekjente stiller opp for gutten, men det blir ikke fordi han tilfeldigvis er leder av barnevernsnemnda, men fordi han uten lov har grepet inn i noe administrasjonen ikke liker at den bekjente gjør. Vi trekker da den slutning at administrasjonen hele tiden ser på ham som leder av utvalget og ikke som privatperson.

Når er en folkevalgt inhabil i en sak når han samtidig er ansatt i kommunen eller fylkeskommunen og hans nærmeste overordnede er inhabil i saken?

KL § 40. 3. b lyder: Kommunalt eller fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelse av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ.

Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan og fylkesplan gjelder ikke første punktum.

KL § 40. 3. c lyder: Ved behandling av klager etter forvaltningsloven § 28 andre ledd, er ansatte eller folkevalgte som var med på å treffe det påklagede vedtak, eller som medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for dette, inhabile ved klageinstansens behandling av saken og ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.

Er en overordnet ansatt inhabil i en sak, kan direkte underordnet ansatt ikke delta ved klageinstansens behandling av saken, eller ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.

Habilitetsreglene i § 40 nr. 3 bokstav c vil innebære at administrasjonssjefen, og dermed alle hans eller hennes underordnede, vil være inhabile til å forberede saken for eller delta i behandlingen i klageinstansen i alle tilfeller hvor innstilling for folkevalgt organ legges frem av administrasjonssjefen eller hans/hennes stedfortreder.

Kan man være med å ansette sin egen sjef?

Ved ansettelse av en rektor hadde et av medlemmene i administrasjonsutvalget forfall. Vararepresentanten var i sin ordinære jobb inspektør på den skolen hvor det skulle ansettes ny rektor. Spørsmålet som ble stilt var om inspektøren kunne delta ved tilsettingen.

I forvaltningslovens § 6 annet ledd står det: "Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlige fordeler, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til".

Det skulle vel være hevet over tvil at inspektøren vil ha personlig fordel av å kunne ansette sin nærmeste overordnede. Nå er det slik at det alltid er det kollegiale organ som skal ta stilling til habilitetsspørsmålet etter at det er reist enten av leder av organet, medlemmet selv eller en annen. Angjeldende person kan ikke selv delta i den diskusjon som går på habilitetsspørsmålet.

Kan en person som er ansatt som virksomhetsleder/rektor ved en skole samtidig sitte som folkevalgt i kommunestyret?

Ja, en person som er ansatt som virksomhetsleder/rektor ved en skole kan samtidig sitte som folkevalgt i kommunestyret i samme kommune. En kan legge kommuneloven § 14 til grunn for at personen er valgbar. Kanskje du da er opptatt av habilitetsspørsmålet rundt en folkevalgt som samtidig er virksomhetsleder. Derfor tar jeg med følgende:

Kommunelovens § 40. 3. b lyder: Kommunalt eller fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelse av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ. Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan og fylkesplan gjelder ikke første punktum.

[Oversikt](#) [Hele loven](#) [Første](#) [Forrige](#) [Neste](#)

Kapittel II. Om ugildhet.

Overskriften endret ved lov 27 mai 1977 nr. 40.

§ 6. (habilitetskrav).

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak

- a) når han selv er part i saken;
- b) når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;
- c) når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;
- d) når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;
- e) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for
 1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller
 2. et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.

Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete.

Rekkevidden av annet og fjerde ledd kan fastlegges nærmere ved forskrifter som gis av Kongen.

Endret ved lover 19 juni 1969 nr. 54, 27 mai 1977 nr. 40, 29 juni 2007 nr. 81 (ikr. 1 jan 2008 iflg. res. 23 nov 2007 nr. 1287), 19 juni 2009 nr. 90 (ikr. 1 nov 2011 iflg. res. 19 juni 2009 nr. 819).

§ 7. (foreløpig avgjørelse).

Uansett om en tjenestemann er ugild, kan han behandle eller treffe foreløpig avgjørelse i en sak dersom utsettelse ikke kan skje uten vesentlig ulempe eller skadevirkning.

§ 8. (avgjørelse av habilitetsspørsmålet).

Tjenestemannen avgjør selv om han er ugild. Dersom en part krever det og det kan gjøres uten vesentlig tidsspille, eller tjenestemannen ellers selv finner grunn til det, skal han forelegge spørsmålet for sin nærmeste overordnede til avgjørelse.

I kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar. Dersom det i en og samme sak oppstår spørsmål om ugildhet for flere medlemmer, kan ingen av dem delta ved avgjørelsen av sin egen eller et annet medlems habilitet, med mindre organet ellers ikke ville være vedtaksført i spørsmålet. I sistnevnte tilfelle skal alle møtende medlemmer delta.

Medlem skal i god tid si fra om forhold som gjør eller kan gjøre ham ugild. Før spørsmålet avgjøres, bør varamann eller annen stedfortreder innkalles til å møte og delta ved avgjørelsen dersom det kan gjøres uten vesentlig tidsspille eller kostnad.

Endret ved lov 27 mai 1977 nr. 40.

§ 9. (oppnevning av stedfortreder).

Når en tjenestemann er ugild, skal om nødvendig oppnevnes eller velges stedfortreder for vedkommende.

Dersom det er forbundet med særlig ulempe å få oppnevnt stedfortreder, kan Kongen for det enkelte tilfelle beslutte at saken skal overføres til sideordnet eller overordnet forvaltningsorgan.

Endret ved lov 19 juni 1969 nr. 54.

§ 10. (hvem habilitetsbestemmelsene gjelder for).

Foruten for offentlige tjenestemenn gjelder bestemmelsene i kapitlet her tilsvarende for enhver annen som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan. Bestemmelsene gjelder ikke statsråd i egenskap av regjeringsmedlem.

Kapittel 7. De folkevalgtes rettigheter og plikter.

§ 40. Rett og plikt til å delta i møter i kommunale og fylkeskommunale organer. Inhabilitet. Rett til dokumentinnsyn.

1. Den som er valgt som medlem av kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ, plikter å delta i organets møter, med mindre det foreligger gyldig forfall.

Arbeidstaker har krav på fri fra arbeid i det omfang dette er nødvendig på grunn av møteplikt i kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer. Arbeidstaker har også rett til permisjon fra sitt arbeid i fire år eller for resten av valgperioden for å utføre heltids- eller deltids kommunalt eller fylkeskommunalt verv.

2. Medlem som er til stede i et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ når en sak tas opp til avstemning, plikter å avgi stemme. Ved valg og ansettelse er det adgang til å stemme blankt.

3. Om inhabilitet gjelder reglene i forvaltningsloven kap. II, med følgende særregler:

a. Inhabilitet inntreffer ikke ved valg til offentlige stillingsverv eller ved fastsetting av godtgjøring o.l. for slike verv.

b. Kommunalt og fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ. Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan gjelder ikke første punktum.

c. Ved behandling av klager etter forvaltningsloven § 28 andre ledd er ansatte eller folkevalgte som var med på å treffe det påklagede vedtak, eller som medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for dette, inhabile ved klageinstansens behandling av saken og ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.

Er en overordnet ansatt inhabil i en sak, kan direkte underordnet ansatt ikke delta ved klageinstansens behandling av saken, eller ved tilretteleggelsen av saken for klageinstansen.

4. Vedkommende organ kan fritta et medlem fra å delta ved behandlingen av en sak når han eller hun ber om det før saken tas opp til behandling, og vektige personlige grunner tilsier dette.

5. Kommunestyret og fylkestinget skal selv fastsette et reglement for de folkevalgtes rett til innsyn i saksdokumenter og til informasjon om saker som er under behandling.

Endret ved lover 10 jan 1997 nr. 8 (kr. 1 mars 1997), 16 apr

015/12 OPPFØLGINGSLISTE 2-2012 SOLUND

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	24.05.2012	015/12 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2012 Solund.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 2-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

-

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2011 SOLUND

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 15.05.12

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2012 - Solund.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Solund kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
06/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	11.02.09		Informasjon frå einingane. Kvartalsrapportar som skriv og melding. Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som skriv og melding. Orientering frå revisor. Kvalitetsrapportar revisor vedrørende Solund. Årleg orientering byggjerekneskapar.
Sak 03/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – oppfølging av vedtak i Solund kommune-tingingsdokument	11.02.10	Frist 28.02.2011	15.12.09: Vedtak kst om å avslutte gml prosjekt 03.02.10: Brev t KYRSS om å avslutte gml prsjkt 11.02.10: Vedtak KU – godkjent tingingsdok. 11.02.10: s. tinging til KRYSS-revisjon. 14.04.10 moteke førebels gjennomføringsplan.
Sak 11/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt "Oppfølging av vedtak i Solund kommune" – førebels gif.pl.	20.05.10	Levering feb 2011	14.04.10 Motteke førebels gif.pl. 20.05.10 Teke til vitande 24.05.11 Munnleg oppdatering frå KRYSS. Arbeidet starta. Skrivinga gjenstår. 09.01.12 Bede om status frå KRYSS-revisjon.
022/10 Orientering om eigarskap i selskap – eigarskapsstrategi.	16.11.10		16.11.10: Vedtak KU – Kontrollutvalet tek til vitande administrasjonen si orientering om at kommunen har starta arbeidet med eigarskapsstrategi for selskap kommunen eig eller er medeigar i.
08/11 Skriv og meldingar	24.05.11		24.05.11 Vedtak KU – Teke til vitande
09/11 Orientering om utlån til ulike føremål og garantiar knytt til desse.	24.05.11		24.05.11 Tilråding til kst. – Kst ber om at det vert gjort ein gjennomgang av retningslinene for næringslån. Kst ber om at det vert lagt fram sak snarast etter kommunestyrevalet. 24.05.11 s. kst. 16.06.11 Vedtak kst sak 024/11 – Teke til vitande.
10/11 Årsrekneskapen 2011 – Solund kommune	24.05.11		24.05.11 Fråsegn til fmsk og kst. 24.05.11 s. kst 16.06.11 Vedtak kst sak 027/11
11/11 Prosjektrekneskap – Ombygging vaskeri/kjøkken Solundheimen.	24.05.11		24.05.11 Fråsegn til fmsk og kst. 24.05.11 s. kst 16.06.11 Vedtak kst sak 028/11
12/11 Prosjektrekneskap – ENØK.	24.05.11		24.05.11 Fråsegn til fmsk og kst. 24.05.11 s. kst 16.06.11 Vedtak kst sak 029/11
13/11 Prosjektrekneskap – Nytt ventilasjonsanlegg Solundheimen.	24.05.11		24.05.11 Fråsegn til fmsk og kst. 24.05.11 s. kst 16.06.11 Vedtak kst sak 030/11
016/11 Skriv og meldingar	30.09.11		30.09.11 Vedtak KU – Teke til vitande.
017/11 Budsjett for kontroll og tilsyn 2012	30.09.11		30.09.11 Tilråding til kst. 03.10.11 s. kst.
018/11 Oppfølgingsliste 3-2011 – Solund.	30.09.11		30.09.11 Vedtak KU – Teke til vitande.
019/11 Eventuelt.	30.09.11		30.09.11 Det vart ikkje teke opp saker.
001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	18.01.12		18.01.12 Vedtak i KU: Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.
002/12 Skriv og meldingar	18.01.12		18.01.12 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vart teken til vitande.
003/12 Opplæring	18.01.12		18.01.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet har som intensjon å delta på

			folkevaldopplæring for kommunestyret 24. – 25. januar 2012. Kontrollutvalet har som intensjon at faste medlemmer og varamedlemmer skal delta på kontrollutvalsopplæringa som vert halden på Skei 23. januar 2012.
004/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.	18.01.12		18.01.12 Vedtak i KU: Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Solund kommune vert godkjent. 19.01.12 Årsmelding sendt til KS.
005/12 Møteplan 2012	18.01.12		18.01.12 Vedtak i KU: Møteplan for kontrollutvalet i Solund for 2012 vert godkjent med dei endringane som vart gjort i møtet.
006/12 Overordna analyse	18.01.12		18.01.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.
007/12 Oppfølgingsliste 1-2012	18.01.12		18.01.12 Vedtak i KU: - Sekretariatet får i oppgåve å be administrasjonen om einskriftleg status til neste møte i kontrollutvalet på kva som er gjort i høve til å lage ein eigarskapsstrategi for selskap Solund kommune eig eller er medeigar i. 20.01.12 Sendt brev til Solund kommune. 09.02.12 Motteke brev frå Solund kommune.
008/12 Eventuelt	18.01.12		18.01.12 Vedtak i KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 15.05.2012

016/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebøt. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	24.05.2012	016/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.